

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)



Fastsett av Kunnskapsdepartementet 15. desember 2011

Teksten som skildrar kvalifikasjonsrammeverket blei oppdatert i april 2014.

Innhald

1	Innleiing og oppsummering.....	4
1.1	Innleiing.....	4
1.2	Oppsummering av dokumentet.....	4
2	Bakgrunn og føresetnader for det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.....	6
2.1	Dei europeiske kvalifikasjonsrammeverka – EQF og Bologna.....	6
2.2	Definisjon av kva eit kvalifikasjonsrammeverk er.....	7
2.3	Føremål med kvalifikasjonsrammeverk.....	7
2.4	Kva er eit nasjonalt rammeverk, og kva for metodar blir brukte i skildringa?.....	8
2.5	Namn på det norske kvalifikasjonsrammeverket.....	8
2.6	Kven er kvalifikasjonsrammeverket til for?.....	9
2.7	Noregs føresetnader for å lage eit rammeverk.....	9
2.8	Rammeverket skal skildre det norske systemet.....	10
2.9	Tilhøvet til EU-direktivet om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar.....	10
3	Prosessane for å utarbeide Bologna-rammeverket og EQF, og tilvising til dei to rammeverka.....	10
3.1	Utarbeidinga av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.....	10
3.2	Oppfølginga av høyringsprosessen.....	11
3.3	Arbeidet med tilvising og sjølvsertifisering.....	12
4	Oppbygginga av kvalifikasjonsrammeverket (overordna).....	13
4.1	Elementa i rammeverkdokumentet.....	13
4.2	Meir om nivåstrukturen.....	13
4.3	Meir om nivåa 4, 5 og 6.....	15
5	Nivåskildringane.....	16
5.1	Skildring av nivåa i NKR i form av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.....	16
5.2	Progresjon i NKR.....	16
5.3	Tabelloppstilling av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR).....	18
6	Innplassering av kvalifikasjonar.....	26
6.1	Innplassering i kvalifikasjonsrammeverket.....	26
6.2	Innplassering av delkvalifikasjonar i rammeverket.....	26
6.3	Innplassering av nye kvalifikasjonar/kompetansar som ikkje er ein del av det offentlege utdanningssystemet i dag.....	26
6.4	Hovudmønster for innplassering av utdanningar i kvalifikasjonsrammeverket.....	27
6.5	Direkte kopling til EQF og Bologna-rammeverket.....	28
7	Kvalitetssikring av NKR.....	28
8	Bruer til livslang læring og realkompetanse.....	29
9	Rettsleg stilling og konsekvensar.....	31
10	Implementering, forvaltingsmessig ansvar, administrative og økonomiske konsekvensar.....	32
10.1	Implementering og forvaltingsmessig ansvar.....	32
10.2	Administrative og økonomiske konsekvensar.....	32
Vedlegg 1	33
	Kriterium og prosedyrar for tilvising frå nasjonale kvalifikasjonsnivå til EQF.....	33
	Kriterium for sjølvsertifisering av kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning etter Bologna-rammeverket.....	34
Vedlegg 2	35
	Omgrep/terminologi.....	35
Vedlegg 3	40
	European Qualifications Framework – level descriptors.....	40

Vedlegg 4	42
Bergen-kommunikeet i Bologna-prosessen (2005, avsnitt om kvalifikasjonsrammeverk)...	42
Vedlegg 5	
Matrise der læringsutbytteskildringane er ordna tematisk ved sida av kvarandre etter stigande nivå	43

1 Innleiing og oppsummering

1.1 Innleiing

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (NKR) blei fastsett av departementet 15. desember 2011. Sjå tabelloppstillinga av NKR på sidene 18–25.

Teksten som skildrar kvalifikasjonsrammeverket blei oppdatert i april 2014.

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring tek utgangspunkt i det norske utdanningssystemet i dag, og skal skildre systemet utan å endre det.

Målet med arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket er å gjere utdanningssystema meir forståelege både nasjonalt og internasjonalt, leggje til rette for auka mobilitet innanfor og mellom landa, bidra til fleksible læringsvegar og såleis styrkje livslang læring.

Kvalifikasjonsrammeverket er ei nyskaping i Noreg, og vil vere under utvikling i lang tid. Det blir først og fremst implementert i utdanningssektoren, men læringsutbytteskildringane er òg relevante for arbeidslivet og den frivillige sektoren. Sjølv om læringsutbytteskildringane i kvalifikasjonsrammeverket tek utgangspunkt i nivåa i utdanningssystemet, er dei òg utforma for å kunne tene som skildringar av kvalifikasjonar som blir oppnådde på andre måtar. Kvalifikasjonsrammeverket skal såleis spele ei viktig rolle i arbeidet med å fremje livslang læring. Mellom anna vil det gje betre haldepunkt for å verdsetje realkompetanse.

Til å begynne med er det berre kvalifikasjonar som er oppnådde gjennom det formelle utdanningssystemet som er innplasserte i rammeverket. Departementet meiner at kvalifikasjonsrammeverket bør opnast for fleire kvalifikasjonar/kompetansar som ikkje er ein del av det offentlege utdanningssystemet i dag. Hausten 2013 sette departementet difor ned eit utval til å greie ut og kome med framlegg til korleis opplæringstilbod utanfor det formelle utdanningssystemet kan innplasserast i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Utvalet skal kome med ei endeleg innstilling innan 31. desember 2014.

I løpet av 2014 skal tilvisingar frå nivåa i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket til nivåa i det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF) vere på plass.

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket er utvikla i eit eige prosjekt i nær kontakt med interessegrupper som saka kjem ved innanfor arbeidsliv, utdanning og frivillig sektor. Departementet legg vekt på å vidareføre det nære samarbeidet når rammeverket skal implementerast og utviklast.

1.2 Oppsummering av dokumentet

Kapittel 2 skildrar bakgrunnen og føresetnadene for arbeidet med NKR, som er ei nasjonal vidareføring av to internasjonale prosessar, nemleg utarbeidinga av eit europeisk kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (EQF) i EU og utarbeidinga av eit kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning i Bologna-prosessen, som 47 europeiske land deltek i. Dei fleste landa i Europa har difor anten allereie utarbeidd eller er i ferd med å utarbeide kvalifikasjonsrammeverk for utdanningssystema sine.

Kapittelet tek òg føre seg føremålet med kvalifikasjonsrammeverket og korleis det kan brukast. Det norske rammeverket får nemninga Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR).

Det grunnleggjande elementet i eit kvalifikasjonsrammeverk er at kvalifikasjonar blir skildra gjennom læringsutbytte og ikkje gjennom innsatsfaktorar. Målet er å skildre læringsutbyttet

for dei einiskilde kvalifikasjonane på ein slik måte at det er enkelt å sjå samanhengen mellom dei, og såleis òg dei faktiske skilnadane i læringsutbytte mellom dei ulike nivåa og vegane gjennom utdanningssystemet.

Kapittel 3 tek føre seg arbeidet med å utvikle NKR og den seinare prosessen med å knyte NKR opp mot det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF) og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning (Bologna-rammeverket). Kapittelet drøftar òg høyringsprosessen med organisasjonar og institusjonar som saka kjem ved.

Kapittel 4 skildrar korleis rammeverket er bygd opp. Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (NKR) har sju nivå som dekkjer dei kvalifikasjonane som finst i det formelle norske utdanningssystemet. For å sikre parallellitet med EQF startar nummereringa på nivå 2. Difor finst det ikkje skildringar eller kvalifikasjonar som er innplasserte på nivå 1. NKR inneheld desse nivåa:

- nivå 2: fullført grunnskule
- nivå 3: grunnkompetanse VGO (kompetansebevis for delar av vidaregåande opplæring)
- nivå 4: fullført vidaregåande opplæring
- nivå 5: fagskule
- nivå 6: bachelorgrad osv. (1. syklus av høgare utdanning)
- nivå 7: mastergrad osv. (2. syklus)
- nivå 8: ph.d. osv. (3. syklus)

For å gje ei best mogleg skildring av variasjonen i kvalifikasjonar på nivå 4, 5, og 6 viser kapittelet òg korleis desse nivåa er utforma.

Kapittel 5 viser sjølve NKR og går grundigare inn på korleis kvart nivå er skildra gjennom læringsutbytteskildringar av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Kunnskap er forståing av teoriar, fakta, omgrep, prinsipp og prosedyrar innanfor fag, fagområde og/eller yrke/yrkesfelt eller bransjar. Under ferdigheiter blir evna til å bruke kunnskap for å løyse problem og oppgåver skildra. Det finst ulike typar ferdigheiter – kognitive, praktiske, kreative og kommunikative. Med generell kompetanse forstå vi evna til å bruke kunnskap og ferdigheiter på sjølvstendig vis i ulike situasjonar ved å vise samarbeidsevne, ansvarskjensle, evne til refleksjon og kritisk tenking i utdannings- og yrkessamanheng.

Kapittel 6 drøftar korleis kvalifikasjonar kan innplasserast i NKR. Då Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring blei etablert, blei alle dei offentleg godkjende kvalifikasjonane innplasserte i rammeverket, uavhengig av om tilbydaren var offentleg eller privat. Fagskular som varer i 1 ½ år skal likevel vurderast for seg i regi av NOKUT. Kapittelet tek òg føre seg korleis ein skal arbeide vidare med å innplassere delkvalifikasjonar og kvalifikasjonar/kompetansar som i dag ikkje høyrer inn under det offentlege utdanningssystemet.

Kapittel 7 skildrar prinsippa for kvalitetssikring av NKR. Desse prinsippa skal reflektere kvalifikasjonsrammeverkets offisielle karakter fullt ut.

Kapittel 8 tek føre seg kvalifikasjonsrammeverkets relevans i arbeidet med livslang læring. Eit viktig perspektiv i arbeidet med å utvikle det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket er at det bidreg til at all læring gjennom livet blir synleggjord og verdsett, uansett kva arenaer læringa skjer på. Læringsutbytteskildringane kan difor utviklast til ein god reiskap for realkompetansevurdering.

Kapittel 9 tek føre seg den rettslege stillinga til kvalifikasjonsrammeverket. EQF-

rekommandasjonen blei innlemma i EØS-avtalen 17. mars 2009. Rekommandasjonen oppmodar deltakarlanda om å knyte dei nasjonale kvalifikasjonssystema til EQF og ber om at alle nye kvalifikasjonsbevis, vitnemål og Europass-dokument inneheld ei klar tilvising til EQF, via nasjonale kvalifikasjonssystem. Departementet tek sikte på å forskriftsfeste det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring og tilvisingane til EQF.

Kapittel 10 drøftar dei administrative og økonomiske konsekvensane av arbeidet med å implementere NKR.

2 Bakgrunn og føresetnader for det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket

2.1 Dei europeiske kvalifikasjonsrammeverka – EQF og Bologna

Arbeidet med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring er ei nasjonal vidareføring av to internasjonale prosessar, EQF-prosessen og Bologna-prosessen.

EQF-prosessen

EU sine organ vedtok rekommandasjonen om eit europeisk kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (European Qualifications Framework – EQF) i februar 2008. Han tok til å gjelde 28. april same året. Noreg forplikta seg til å følgje opp rekommandasjonen då EØS-komiteen den 17. mars 2009 vedtok å innlemme han i protokoll 31 i EØS-avtalen. EQF skildrar kvalifikasjonsnivå på europeisk nivå i form av læringsutbytte, og er eit verktøy for å samanlikne utdanningssystema i ulike land med kvarandre. EQF har ikkje som målsetjing å harmonisere utdanningssystema i deltakarlanda, men å gjere det lettare å lese, forstå og samanlikne systema.

EQF dekkjer allmennutdanning, yrkesopplæring, høgare utdanning og vaksenopplæring. Dette rammeverket har åtte nivå og dekkjer heile spennet av kvalifikasjonar, frå grunnskulen til doktorgrad. I prinsippet kan kvart nivå nåast via ulike utdannings- og karrierevegar.

Læringsutbytteskildringane i EQF er delte inn i kunnskap, ferdigheiter og kompetanse. Det blir gjeve ei meir detaljert skildring av EQF seinare i dokumentet, og EQF er òg teke med i vedlegg 3.

Bologna-prosessen

I Bologna-prosessen, som gjeld samarbeid om høgare utdanning mellom 47 land i Europa, blei det vedteke eit overordna kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning på ministermøtet i Bergen i 2005. Dette vedtaket byggjer på Berlin-kommunikeet frå 2003, der medlemslanda blei oppmoda om å utarbeide nasjonale kvalifikasjonsrammeverk. Det overordna rammeverket består av læringsutbytteskildringar for dei tre hovudnivåa i høgare utdanning, dvs. bachelor-, master- og ph.d.-nivåa, som ofte blir kalla første, andre og tredje syklus for å unngå språkproblem i omtalen av dei ulike landa sine namn på gradar. Det opnar òg for at landa kan ha såkalla delkvalifikasjonar ("intermediate qualifications") innanfor kvart av dei tre hovudnivåa. I kommunikeet frå møtet forplikta ministrane frå dei deltakande landa seg til å utarbeide og innføre nasjonale kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning i sine respektive land og til å sjølvsertifisere dei i høve til det overordna europeiske rammeverket for høgare utdanning (Bologna-rammeverket, ofte forkorta til EHEA-QF). Bologna-vedtaket er teke med i vedlegg 4.

Noreg starta arbeidet med å vurdere eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning etter ministermøtet i Berlin i 2003. Heimelen for innføring av eit rammeverk blei teken inn i universitets- og høgskulelova i 2005, og arbeidet med å utforme eit

kvalifikasjonsrammeverk for norsk høgare utdanning blei sett i gang seinare same året. Ein rapport med eit framlegg til rammeverk med nasjonale læringsutbytteskildringar for dei tre nivåa i høgare utdanning blei lagd fram i april 2007, og deretter send på høyring. Framlegget blei så justert og drøfta vidare med sektoren. Kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning blei fastsett i mars 2009. Sjå òg kapittel 3.1.

Hausten 2006 sette Kunnskapsdepartementet i gang arbeid med sikte på å greie ut etableringa av eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for alle nivå. Parallelt med dette arbeidet blei det sett i gang ein konsultasjonsprosess der det blei etablert ei breitt samansett referansegruppe. Utgreiingsarbeidet fekk frist til slutten av 2008, og ein midtvegsrapport var klar i slutten av 2007. I løpet av utgreiingsprosessen starta òg arbeidet med å utvikle læringsutbytteskildringar for fag- og yrkeskompetanse. Det blei dessutan sett i gang innleiande arbeid for fagskulenivået.

Denne første prosjektgruppa la fram sin endelege rapport i februar 2009. Rapporten danna grunnlag for diskusjon, mellom anna med referansegruppa, om den vidare strategien for arbeidet, og har vore viktig som grunnlag for det seinare arbeidet.

På bakgrunn av den internasjonale utviklinga, der det blei meir og meir klart at dei andre landa i EØS-området ville lage nasjonale kvalifikasjonsrammeverk som grunnlag for tilvising frå sine nasjonale system til EQF, blei det i september 2009 bestemt at det skulle utarbeidast eit framlegg til eit heilskapleg nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for Noreg òg, og at det skulle danne grunnlaget for tilvising mellom norske kvalifikasjonsnivå og EQF. Arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket skulle byggje på arbeida som var sette i gang med rammeverk for ulike utdanningsnivå (delrammeverk), og på eigne utgreiingar der slikt arbeid enno ikkje var sett i gang. Det vidare arbeidet skulle skje i kontakt med faglege og organisasjonsmessige interesser, i tillegg til den etablerte referansegruppa.

Dette dokumentet er eit resultat av denne prosessen.

2.2 Definisjon av kva eit kvalifikasjonsrammeverk er

I rekommandasjonen om EQF er nasjonale kvalifikasjonsrammeverk definerte slik:

"National qualifications framework means an instrument for the classification of qualifications according to a set of criteria for specified levels of learning achieved, which aims to integrate and coordinate national qualifications subsystems and improve the transparency, access, progression and quality of qualifications in relation to the labour market and civil society."

Departementet går ut frå ei tilsvarande forståing, formulert slik:

"Eit kvalifikasjonsrammeverk er ei samla, systematisk og nivådelt skildring av formelle kvalifikasjonar som kan oppnåast innanfor eit utdanningssystem.

Rammeverket er ei systematisk skildring av nivå og oppnådd kompetanse for nivåa i det norske utdanningssystemet. Nasjonale kvalifikasjonsrammeverk er baserte på nasjonen sitt utdanningssystem, og viser nivå og progresjon og samanheng med arbeidsliv og samfunnsliv."

Sjå oppstillinga av terminologien som blir brukt i vedlegg 2.

2.3 Føremål med kvalifikasjonsrammeverk

EU framhevar tre viktige føremål med etableringa av EQF:

- å fremje – eller redusere hindringar for – mobilitet mellom land gjennom likelydande skildringar av kvalifikasjonar og definisjonar av nivå

- å styrkje moglegheitene for livslang læring i landa, mellom anna ved å bidra til koordinering av dei ulike delane av utdanningssystema, unngå blindvegar i systemet og etablere gode ordningar for vurdering, dokumentasjon og formell godkjenning av kvalifikasjonar oppnådde utanfor det formelle utdanningssystemet
- å bidra til å auke kvaliteten i internasjonale utdanningssystem, mellom anna ved at landa blir stimulerte til å etablere gode system for kvalitetssikring

2.4 Kva er eit nasjonalt rammeverk, og kva for metodar blir brukte i skildringa?

Det grunnleggjande elementet i eit kvalifikasjonsrammeverk er at kvalifikasjonar blir skildra gjennom læringsutbytte og *ikkje* gjennom innsatsfaktorar. Skildringa er av det kandidaten kan ved slutten av læringsprosessen, ikkje det han eller ho har gjort for å kome dit. Målet er å skildre læringsutbyttet for dei einstilte kvalifikasjonane på ein slik måte at det er enkelt å sjå samanhengen mellom dei ulike kvalifikasjonane, og såleis òg dei faktiske skilnadane i læringsutbytte mellom dei ulike nivåa og vegane gjennom systemet.

Læringsutbytteskildringane skal difor vise progresjonen i systemet. Dette blir uttrykt ved å bruke verb som viser stigande gradar av kunnskap og forståing, ferdigheitsnivå og generelt kompetansenivå. Eit døme på dette er at kunnskap kan skildrast med uttrykka "å kjenne til" – "ha kunnskap om" – "ha innsikt i", som dannar ein stigande orden. Det er òg eit prinsipp at nivåa skal skildrast aktivt og sjølvstendig, og at ein skal unngå samanlikningar med nivåa over og under. Kunnskap, ferdigheiter eller generell kompetanse som er skildra på eitt nivå blir ikkje skildra på nytt på neste nivå med mindre dei blir utvikla vidare. Skildringane fokuserer på kva kandidaten er i stand til, og blir *ikkje* sett i høve til kva personen ikkje kan eller meistarar.

Nivåskildringane har som mål å skildre kva kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse ein kan vente at alle kandidatar som har fullført ei utdanning på det aktuelle nivået skal ha, uavhengig av kva fagområde dei har utdanna seg innanfor.

Føremålet med kvalifikasjonsrammeverket kan mellom anna seiast å vere å:

- dreie merksemda frå undervisning til læring – frå innsatsfaktorar til læringsutbytte
- lette planlegginga av utdanningssløp for den einstilte
- skildre dei faktiske skilnadane i læringsutbytte mellom dei ulike nivåa
- leggje til rette for livslang læring
- gjere kvalifikasjonane meir forståelege for arbeidslivet og samfunnet generelt, og klargjere kva slags overordna kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse den einstilte kandidaten eigentleg har
- lette godkjenning av kvalifikasjonar over landegrensar
- sikre betre utnytting av kompetanse, både for einskildmenneske og samfunnet

Det er venta at kvalifikasjonsrammeverk vil bli viktige som verktøy for å gjere utdanningssystema meir forståelege både nasjonalt og internasjonalt, leggje til rette for auka mobilitet innanfor og mellom landa, bidra til fleksible læringsvegar og såleis styrkje livslang læring.

2.5 Namn på det norske kvalifikasjonsrammeverket

Det norske kvalifikasjonsrammeverket får nemninga Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). På engelsk blir "Nasjonalt" erstatta med "Norwegian", forkorta NQF. Dette speglar namnet på det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF), og harmonerer òg med omgrepsbruken som allereie er etablert i kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning. Det at kvalifikasjonsrammeverket gjeld "for livslang læring" tyder at det

skildrar kvalifikasjonar på alle nivå, og at det skal fremje verdsetjing av kvalifikasjonar gjennom heile livet (livslang) og på alle arenaer (livsvid). Les meir om dette i kapittel 8, Bruer til livslang læring og realkompetanse.

2.6 Kven er kvalifikasjonsrammeverket til for?

Kvalifikasjonsrammeverket er særleg til for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar og for alle som vil søkje utdanning eller er under utdanning. Like fullt ligg det ulike behov og interesser bak utviklinga av kvalifikasjonsrammeverka i ulike land. I eit land som Sør-Afrika har metodikken vore nyttig for å bygge opp eit heilskapleg utdanningssystem med felles prinsipp og god innbyrdes samanheng. I andre land med ein kompleks struktur, som til dømes Irland, har det vore ein føremålstenleg reiskap for naudsynt forenkling og klargjering. Det norske utdanningssystemet har lange tradisjonar, er enkelt og oversiktleg, og har relativt nyleg gått gjennom endringar som inneber forenkling og klarare samanhengar. NKR er difor ikkje utvikla med tanke på systemreformer.

Det viktigaste føremålet for Noreg på kort sikt er betre kommunikasjon. NKR er ein ny måte å skildre det etablerte utdanningssystemet på, noko som i seg sjølv fører med seg fleire føremoner. For det første gjev det for første gong ei overordna skildring av kva ein kan vente at elevar/lærlingar/kandidatar på ulike nivå kan etter fullført utdanning. For det andre skildrar det den indre samanhengen i systemet på ein ny måte, noko som igjen vil leggje til rette for betre utdannings- og karriererettleiing. For det tredje får vi ei skildring som gjer det mogleg å samanlikne norske kvalifikasjonar med kvalifikasjonar frå andre land via EQF og Bologna-rammeverket. For det fjerde legg skildringane grunnlag for betre kommunikasjon med arbeidslivet og betre moglegheiter for verdsetjing av kompetanse.

Kvalifikasjonsrammeverket vil såleis kunne gje meirverdi for mange grupper:

- for elevar, lærlingar og studentar,
- for arbeidstakarar og andre vaksne som har skaffa seg erfaring og kompetanse utanfor utdanningssystemet,
- for arbeidslivet, som får tilleggsinformasjon om kva kompetanse ulike utdanningar gjev,
- og for folk flest, som får betre oversikt over samanhengen og måla i utdanningssystemet.

2.7 Noregs føresetnader for å lage eit rammeverk

Læreplanane for grunnopplæringa (grunnskulen og den vidaregåande opplæringa) byggjer allereie på prinsippet om å skildre læringsutbytte. Dette har tidlegare ikkje vore tilfelle innanfor høgare utdanning. At alle fag- og studieplanar skal skildre læringsutbytte er ei pedagogisk endring som følgde med for universiteta og høgskulane då kvalifikasjonsrammeverket blei innført. Ei dreining frå vektlegging av innsatsfaktorar til læringsutbytte er eit naudsynt og ønskt resultat av arbeidet med rammeverket. Universiteta og høgskulane hadde frist ut 2012 for å lage læringsutbytteskildringar for alle studium, fag og emne. Tidlegare har heller ikkje fagskulane hatt noko krav om å skildre læringsutbytte. Frå hausten 2014, derimot, må søknader om godkjenning av nye fagskuleutdanningar innehalde læringsutbytteskildringar.

Sjølv om det står att utfordringar ved mange institusjonar, har det norske utdanningssystemet kome godt i gang med å innføre læringsutbytteskildringar. Dessutan har vi eit enklare og meir oversiktleg utdanningssystem enn dei fleste andre land. Generelt er difor føresetnadene for å etablere eit kvalifikasjonsrammeverk tilfredsstillande i Noreg.

Kompetanse som blir oppnådd utanfor det formelle utdanningssystemet gjennom formell, ikkje-formell eller uformell læring (realkompetanse), kan dessutan vurderast opp mot gjeldande læreplanar, rammeplanar og studieplanar. Retten til realkompetansevurdering er

regulert i opplæringslova, fagskulelova og universitets- og høgskulelova. Realkompetansen til einskildpersonar i fag kan ikkje innplasserast direkte i NKR, men vil kunne gje eit kortare opplæringsløp fram mot eit godkjent vitnemål som så kan innplasserast i NKR.

2.8 Rammeverket skal skildre det norske systemet

Utgangspunktet for Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk er at det skal passe i ein norsk samanheng og ta utgangspunkt i det norske utdanningssystemet. Kvalifikasjonsrammeverket er ikkje utvikla med sikte på systemreform.

Innanfor høgare utdanning blir kvalifikasjonane som inngår i det gjeldande gradssystemet innplasserte. Difor er til dømes spesialistutdanningar og vidareutdanningar innanfor helsefaga utelatne. Gradane frå før Kvalitetsreforma er heller ikkje innplasserte.

Kvalifikasjonsrammeverket dekkjer formelle kvalifikasjonar som blir gjevne i dagens utdanningssystem. Det er her viktig å understreke rammeverkets offisielle karakter og krava til kvalitetssikring (jf. kap. 7 og vedlegg 1: Kriterium og prosedyrar for tilvising frå nasjonale kvalifikasjonsnivå til EQF).

2.9 Tilhøvet til EU-direktivet om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar

Direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar skal gjere det enklare for personar frå EØS/EU-statar å utøve eit lovregulert yrke i ein annan EØS/EU-stat, slik at dei ikkje blir diskriminerte samanlikna med landet sine egne borgarar. Eit regulert yrke etter direktivet er eit yrke der styresmaktene har stilt krav til kvalifikasjonar for å utøve yrket i lov eller forskrift. Direktivet blei endra ved direktiv 2013/55/EU. Dette direktivet skal modernisere og forenkle godkjenningsprosedyrane. EQF er nemnt i fortalen til direktivet. Dessutan skal eventuelle felles utdanningsprogram som direktivet opnar for baserast på nivåa i EQF.

3 Prosessane for å utarbeide Bologna-rammeverket og EQF, og tilvising til dei to rammeverka

Arbeidet med oppfølging av EQF i Noreg kan delast inn i to hovudfasar: Først utarbeidinga av eit heilskapleg nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, og så tilvising frå nivåa i dette rammeverket til nivåa i EQF. Begge arbeida er lagde opp som inkluderande prosessar for å sikre medverknad frå partar, institusjonar og organisasjonar som saka kjem ved. Arbeidet med å lage eit overgripande nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning blei som nemnt sett i gang på grunnlag av vedtaka på ministermøta i Berlin i 2003 og i Bergen i 2005, som fann stad som ein del av Bologna-prosessen. Dette utgjer no dei tre øvste nivåa i NKR.

3.1 Utarbeidinga av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket

I desember 2005 oppnemnde departementet ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå universitets- og høgskuleavdelinga i Kunnskapsdepartementet, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), Universitets- og høgskolerådet (UHR) og studentorganisasjonane. Arbeidsgruppa fekk som oppgåve å vurdere om det var bruk for eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning, kva det vil ha å seie og korleis det bør utformast. Dessutan blei det oppnemnt ei referansegruppe med breiare deltaking, der det sat representantar for dei høgare utdanningsinstitusjonane, fagskulane, dei vidaregåande skulane, Voksenopplæringsforbundet, VOX, Statens autorisasjonskontor for helsepersonell (SAFH), partane i arbeidslivet, Utdanningsforbundet, Forskerforbundet, Senter for internasjonalisering av høgare utdanning (SIU) og Nærings- og handelsdepartementet.

Arbeidsgruppa sin rapport inneheld eit konkret framlegg til kvalifikasjonsrammeverk, det vil seie nivåskildringar for dei tre nivåa i høgare utdanning. Rapporten blei send på ei brei høyring i sektoren. Høyringsinstansane var stort sett positive til innføring av eit kvalifikasjonsrammeverk. Fleirtalet av høyringsinstansane understreka at det er viktig å skunde seg langsamt og å setje av ressursar til arbeidet. Fleirtalet var òg positive til at UHR får ei sterk rolle i den vidare utviklinga av rammeverket, særleg gjennom organisasjonen sine fag- og profesjonsråd.

På grunnlag av denne høyringsrunden fastsette Kunnskapsdepartementet kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning i mars 2009. I tillegg blei framlegg til læringsutbytte-schildringar for graden høgskulekandidat sende ut på høyring i november 2009, og dei blei stort sett godt mottekne av høyringsinstansane. Det er brei semje om dei skildringane ein har kome fram til på desse nivåa. Kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning er teke inn i dei tre øvste nivåa i NKR.

Arbeidet med dei andre nivåa i kvalifikasjonsrammeverket starta i 2006, og blei intensivert då EU vedtok EQF i 2008. Då blei det oppnemnt ei ny referansegruppe der dei fleste organisasjonane og institusjonane som hadde vore med på handsaminga av kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning deltok. Det blei halde kontakt med denne referansegruppa¹ under arbeidet fram mot fastsetjinga av NKR i desember 2011. Frå hausten 2009 var mandatet for arbeidet å kome med framlegg til eit heilskapleg nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

3.2 Oppfølginga av høyringsprosessen

Eit framlegg til Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk blei sendt på høyring våren 2011, og 85 høyringsfråsegner kom inn. Kvalifikasjonsrammeverket blei justert etter høyringa. Nokre av hovudpunkta er nemnde her.

Høyringa viste brei støtte for å fastsetje eit kvalifikasjonsrammeverk, men mange peikte på at det vil bli naudsynt å justere rammeverket etter kvart som ein gjer seg erfaringar. Departementet er samd i at eit slikt rammeverk må evaluerast og justerast når det trengst, men går ut frå at ein bør hauste erfaringar først. Dette er skildra nærare i dokumentet.

Forholdet til kvalifikasjonar/kompetanse som ikkje er del av utdanningssystemet var eit hovudspørsmål i høyringa. Departementet er samd i at ein må synleggjere at utdanningssystemet i dag er ope for nye kvalifikasjonar. Saka blir no utgreidd av utvalet som departementet oppnemnde til å greie ut og kome med framlegg til korleis opplæringsstilbod utanfor det formelle utdanningssystemet kan innplasserast i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

Mange ønskte at ein legg meir vekt på det livslange læringsperspektivet. Dette er innarbeidd gjennom endringar i kapittel 8.

¹ Desse organisasjonane og institusjonane har delteke i referansegruppa: Landsorganisasjonen i Norge, Næringslivets Hovedorganisasjon, KS, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, Arbeidsgiverforeningen Spekter, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Unio, Akademikerne, NOKUT, Vox, Universitets- og høgskolerådet, Nettverket for private høgskoler, Fylkesutdanningssjefenes kontaktutvalg, Kristne Friskolers Forbund, Elevorganisasjonen, Norsk Studentunion og Studentenes Landsforbund (desse to blei erstatta av Norsk studentorganisasjon ved samanslåinga), ANSA, Voksenopplæringsforbundet, Norsk Forbund for Fjernundervisning, Rådet for fylkeskommunale fagskoler, Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), Norsk industri (frå 2010), og Utdanningsdirektoratet.

Det var mange synspunkt på kor mange nivå systemet burde ha, og det blei gjort framlegg om å innarbeide nye nivå under grunnskulenivået. Det var òg synspunkt på grunnkompetansenivået og fagskuleinndelinga. Departementet heldt på framlegget om sju nivå, sjå mellom anna kapitla 4–6, men valde å starte nummereringa på 2 for å ta omsyn til ønsket om betre parallellitet med nivåa i EQF.

Eit klart fleirtal av høyringsinstansane støtta framlegget om to sett læringsutbytteskildringar på nivå 4. Dette framlegget blei difor gjennomført.

Mange kommenterte nivåskildringane i rammeverket og etterlyste betre progresjon og indre samanheng. Ein del instansar kom med konkrete framlegg til justerte skildringar. Skildringane på nivå 2–5 blei gjennomgått på nytt og justerte i lys av framlegga. Departementet har òg prøvd å gruppere skildringane på ein måte som gjer den indre samanhengen tydelegare, sjå vedlegg 5.

Høyringsfråsegnene inneheldt òg redaksjonelle framlegg som blei vurderte i samband med ein endeleg gjennomgang av dette dokumentet. NKR-dokumentet er språkleg oppdatert i tråd med den endra statusen til dokumentet.

3.3 Arbeidet med tilvising og sjølvsertifisering

EQF-rekommandasjonen tilrår at landa skaper tilknytning mellom dei nasjonale kvalifikasjonssystema og EQF innan 2010, særleg ved tilvising (reference) – på ein open og tydeleg måte – mellom sine kvalifikasjonsnivå og nivåa i EQF. I dei fleste landa er prosessen forseinka i høve til målet om å vere fullført innan 2010. Landa blir òg råda til å etablere eit nasjonalt koordineringspunkt.

Nasjonalt kontaktpunkt for EQF (NCP)

I juni 2010 blei det etablert eit nasjonalt kontaktpunkt i NOKUT som skal fylle rolla som NCP. Det nasjonale kontaktpunktet skal støtte og bidra til kvalitet og openheit i sambandet mellom det nasjonale og Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring, og rettleie og informere om det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. I tillegg skal NCP spele ei sentral rolle i prosessen med å etablere tilvisingar mellom nivåa i det nasjonale (NKR) og det europeiske rammeverket (EQF). I Noreg har departementet hovudansvaret for sjølve tilvisingsprosessen. NOKUT er no det nasjonale kontaktpunktet for kvalifikasjonsrammeverket.

Sjølvsertifisering innanfor Bologna-prosessen

Under Bologna-prosessen såg eit behov for å innføre eit system med sertifisering av dei ulike nasjonale kvalifikasjonsrammeverka på europeisk nivå. Det vil seie at det blir gjeve ei godkjenning på europeisk nivå av at dei einiskilde nasjonale kvalifikasjonsrammeverka for høgare utdanning korresponderer, eller i alle fall kommuniserer, med det overordna europeiske rammeverket for høgare utdanning. Organa i Bologna-prosessen meinte at det ville føre for langt av garde å gje eit europeisk organ eller ei gruppe i oppgåve å sertifisere alle dei nasjonale rammeverka, og difor valde ein å innføre eit sjølvsertifiseringssystem. Det vil seie at landa sjølve granskar kvalifikasjonsrammeverka sine for å dokumentere at dei stemmer overeins med det overordna europeiske rammeverket for høgare utdanning. Det er utarbeidd retningslinjer for slik sjølvsertifisering, sjå vedlegg 1.

Den opphavlege tidsramma for sjølvsertifisering var at sjølvsertifiseringa av alle land sine nasjonale kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning skulle vere ferdig innan 2010. Fristen blei forlengd, mellom anna fordi innføringa av dei nasjonal rammeverka har teke lengre tid enn ein først rekna med. Alle land skal no vere ferdige med sjølvsertifiseringa innan 2012.

Det er vedteke, både innanfor Bologna-prosessen og EU-systemet, at ei sjølvsertifisering etter Bologna-retningslinjene vil vere gyldig som tilvisingsprosess innanfor EU-systemet for den

delen av kvalifikasjonsrammeverket som gjeld høgare utdanning, og omvendt. Dette er truleg noko av grunnlaget for at nokre land har valt å vente med sjølvsertifiseringa i Bologna-prosessen. Landa som har valt å utarbeide kvalifikasjonsrammeverk for heile utdanningsløpet, dvs. heile EU/EØS-området, har i mange tilfelle valt å vente med sjølvsertifiseringa til heile rammeverket er klart for tilvising etter retningslinjene i EQF-rekommandasjonen.

Gjennomføring av tilvisingsprosessen

Tilvisingsprosessen starta opp i februar 2011 på grunnlag av framlegget til kvalifikasjonsrammeverk. Ansvar for å samordne prosessen blei lagt til ei arbeidsgruppe (tilvisingsgruppa) under NKR-prosjektet i departementet. Gruppa utarbeidde òg eit utkast til den norske sjølvsertifiseringsrapporten. Gruppa var sett saman av representantar frå styresmaktene og partar som saka kjem ved, i tillegg til nasjonale og internasjonale ekspertar.

Arbeidet til tilvisingsgruppa starta med ein oppstartskonferanse der alle partane som saka kjem ved var representerte. Føremålet med konferansen var å klargjere prosessen og måla med tilvisinga.

Våren 2011 fekk Universitetet i Oslo i oppdrag å ta ein teknisk gjennomgang av læringsutbytteskildringane i det norske kvalifikasjonsrammeverket samanlikna med dei som finst i EQF. Rapporten frå den tekniske gjennomgangen blei drøfta på ein høyringskonferanse i juni 2011 og danna, saman med høyringsfråsegnene til NKR-dokumentet, utgangspunktet for den nasjonale tilvisingsrapporten som blei utarbeidd av tilvisingsgruppa. Føremålet med høyringskonferansen var å gje alle partar som saka kjem ved høve til å gje innspel på korleis kvalifikasjonane i NKR blir sette i samheng med EQF. Universitetet i Oslo har òg gjort ein teknisk gjennomgang som grunnlag for sjølvsertifiseringsrapporten.

Kunnskapsdepartementet vil byggje på denne rapporten når det viser til EQF i EQF Advisory Group. Føremålet med tilvisinga er å tydeleggjere at tilvisingsarbeidet tilfredsstillar dei nasjonale kriteria som er sette opp for koplinga mellom nasjonale kvalifikasjonssystem og EQF.

Kriterium for tilvisingsprosessen og sjølvsertifiseringsprosessen er å finne i vedlegg 1.

Tilvisingsrapporten blei utarbeidd på engelsk, både av omsyn til internasjonale ekspertar som deltok i arbeidet og av omsyn til den vidare handsaminga i EQF sine internasjonale organ.

4 Oppbygginga av kvalifikasjonsrammeverket (overordna)

4.1 Elementa i rammeverkdokumentet

NKR er eit overordna rammeverk som ikkje inneheld fagspesifikke læringsutbytteskildringar. Desse kan ein framleis finne i læreplanar, utdanningsplanar, studieplanar, fagplanar og rammeplanar. Nivåskildringane i kvalifikasjonsrammeverket er tredelte: For kvart nivå skildrar dei kunnskapane, ferdigheitene og den generelle kompetansen som skal vere oppnådd på dette nivået. I tillegg blir det skildra kva gradar og titlar, vitnemål, fag-/sveinebrev og kompetansebevis som er knytte til dei ulike nivåa.

I vedlegg 2 er det teke inn ei oversikt over terminologien som er brukt i kvalifikasjonsrammeverket. Det er lagt vekt på å bruke norske omgrep som svarar til omgrepa som blir brukte i internasjonale dokument, til dømes i EU sine vedtak om EQF.

4.2 Meir om nivåstrukturen

Talet på nivå

EQF inneheld åtte nivå, og det overordna europeiske rammeverket for høgare utdanning har tre

nivå med moglegheiter for kvalifikasjonar på delnivå. Nokre land har lagt EQF-nivåa direkte til grunn for sine nasjonale rammeverk. Desse rammeverka er altså direkte kopla til EQF, nivå for nivå. Noreg har vurdert dette, men har merkt seg at mange andre land har valt å skildre sitt eige system, uavhengig av kor mange nivå det har. Nokre system har fleire nivå enn EQF, andre har færre. Talet på nivå blei definert med utgangspunkt i det norske utdanningssystemet med tilhøyrande lovverk. Slik vil kvalifikasjonsrammeverket fungere best i ein nasjonal kontekst. Koplinga mellom det norske og dei to europeiske kvalifikasjonsrammeverka blir sikra gjennom tilvisingsprosessen og sjølvsertifiseringsprosessen.

Det norske rammeverket består av sju nivå. For å gjere det lettare å forstå systemet i høve til EQF, er nivå 1 halde ope. Dette nivået er ikkje skildra, og ingen kvalifikasjonar er innplasserte her. Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket startar difor på nivå 2, som er fullført grunnskule.

Nivå 3 er grunnkompetanse (kompetansebevis for delar av vidaregåande opplæring), nivå 4 er fullført vidaregåande opplæring, nivå 5 er fullført fagskuleutdanning, nivå 6 er første syklus i høgare utdanning (bachelorgrad), nivå 7 er andre syklus i høgare utdanning (mastergrad), og nivå 8 er doktorgrad (ph.d.). Kvalifikasjonen høgskulekandidat er skildra som eit delnivå av nivå 6.

Dei tre øvste nivåa relaterer seg både til dei tre nivåa i det overordna europeiske rammeverket for høgare utdanning og dei tre øvste nivåa i EQF.

Prinsipp for nivåinnplassering

Desse prinsippa er lagde til grunn for nivåinnplasseringa:

Læringsutbytte framfor utdanningslengd

Ved nivåinnplasseringa har departementet halde fast på prinsippet som ligg til grunn for heile EQF, nemleg at ein primært skal ta utgangspunkt i *læringsutbyttet* for den einskilde kvalifikasjonen, og ikkje utdanningslengda. Difor er kvalifikasjonar av ulik lengd og omfang innplasserte på same nivå der ein vurderer det slik at dei ulike kvalifikasjonane gjev likt læringsutbytte.

Det blei teke som utgangspunkt i arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning at ein ønskte eit enklast mogleg rammeverk med så få nivå som råd – ein ønskte å halde seg til dei tre hovudnivåa. Prinsippet og utgangspunktet var at det skulle svært vektige grunnar til for å utvide talet på nivå ut over dei tre hovudnivåa eller utarbeide eigne læringsutbytteskildringar for andre kvalifikasjonar. I utgangspunktet skulle alle kvalifikasjonar plasserast inn i eit av dei tre hovudnivåa. Resultatet er t.d. at bachelorgradar av ulik lengd er plasserte inn på nivå 6 bachelor (1. syklus), dvs. fireårig bachelorgrad utøvande kunstutdanning og treårig bachelor, samt fireårig grunnskulelærerutdanning og faglærerutdanning. Det vil gå fram av studieplanane at desse gradane er ulike.

Hindre inflasjon i talet på nivå og for høg innplassering

I alle land der det har blitt arbeidd med kvalifikasjonsrammeverk har ein sett ein ibuande tendens til inflasjon i systemet. Med det meiner vi at det både er ein tendens til at det totale talet på nivå i rammeverket aukar, fordi ulike miljø vil argumentere for at deira kvalifikasjon er så ulike andre kvalifikasjonar at den krev eit eige nivå, og ein tendens til at alle vil at deira eigne kvalifikasjonar skal innplasserast på eit så høgt nivå som råd. Departementet vil understreke at det viktigaste er at ein kvalifikasjon blir plassert inn på det *rette* nivået, ikkje eit så høgt nivå som råd. Det er ikkje føremålstenleg at ein kvalifikasjon blir innplassert på eit nivå der han ikkje høyrer heime, slik at den kompetansen som t.d. ein arbeidsgjevar ventar av ein kandidat med denne kvalifikasjonen ikkje svarar til det ein får fordi ein har ei urealistisk oppfatning av læringsutbyttet frå sin eigen kvalifikasjon. Dette vil vere til skade for omdømet

til kvalifikasjonen. I tillegg vil feil nivåinnplassering skade tilliten til det norske kvalifikasjonsrammeverket og utdanningssystemet i utlandet.

Nivåskildringane skal passe alle fagområde

Læringsutbytteskildringane for eit nivå er generelle og overordna, sidan dei skal passe for alle kvalifikasjonar på nivået, uavhengig av fagområde. Difor vil det vere slik at ein skilde kvalifikasjonar kan innebere kunnskap eller ferdigheiter som ligg på eit høgare nivå enn det nivået den samla kvalifikasjonen er plassert inn på. Det at ein skilde element av læringsutbyttet ligg på eit høgare nivå, treng ikkje tyde at kvalifikasjonen skal plasserast på eit høgare nivå, sidan det er det *samla* læringsutbyttet som avgjer kva for eit nivå kvalifikasjonen blir plassert på. I europeisk samanheng talar ein om "best fit" (best mogleg), dvs. at ein godtek at det finst tilfelle der ikkje alle delar av læringsutbyttet ligg på same nivå, men at det samla læringsutbyttet ein oppnår med avgjer at kvalifikasjonen blir plassert inn på eit visst nivå.

4.3 Meir om nivåa 4, 5 og 6

Parallele læringsutbytteskildringar på nivå 4

EQF-skildringane er generiske på kvart nivå, med skildringar som ikkje skil mellom studie- og yrkeskompetanse. Dette er gjort for å inkludere den breie variasjonen i dei europeiske utdanningssystema. Norsk vidaregåande utdanning er klart strukturert i studieførebuande og yrkesretta studieprogram. Difor har departementet utforma separate læringsutbytteskildringar for studieførebuande og yrkesretta kvalifikasjonar.

Læringsutbytteskildringane er utforma slik at begge er plasserte på same nivået i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, og kan såleis knytast til det same EQF-nivået.

To læringsutbytteskildringar for fullført og bestått fagskuleutdanning

Norsk fagskule byggjer på fullført vidaregåande opplæring, både studieførebuande og yrkesretta, eller tilsvarende realkompetanse. Dette tyder at fagskuleutdanning kan byggje på begge setta av læringsutbytteskildringar frå vidaregåande opplæring.

Departementet har fastsett to sett læringsutbytteskildringar for fagskuleutdanning som blir kalla fagskule 1 og fagskule 2. Fagskule 2 er utarbeidd med utgangspunkt i toårige fagskuleutdanningar, medan fagskule 1 er utarbeidd med utgangspunkt i kortare fagskuleutdanningar. Skildringane er kumulative og må difor lesast i samanheng. Det vil seie at der det ikkje er gjeve nye skildringar for fagskule 2, er det fagskule 1-skildringane som gjeld. Andre stader er fagskule 2 eit tillegg til fagskule 1.

Grunngjevinga for å gjere framlegg om meir enn eitt sett skildringar er at det er stor variasjon i fagskuleutdanningane.

- Det blir tilbydd fagskuleutdanningar av ulik lengd: ½ år, 1 år, 1 ½ år og 2 år.
- Nokre fagskuleutdanningar er oppbygde som ein pluss ein-modellar, dvs. at det er gjeve godkjenning for ei eittårig utdanning som kan byggjast ut til ei toårig (t.d. kunstfag, maritim utdanning, offisersskulen til Frelsesarmeen).
- Nokre private fagskular har avslutning og kontinueringsordning for kvart semester.
- Andre fagskuleutdanningar utgjer ei udeleleg eining.

Dessutan er det ulikskapar når det gjeld om utdanningane går mest i djupna eller breidda på fagområdet.

Delnivå første syklus i høgare utdanning

Det overordna europeiske rammeverket for høgare utdanning blei vedteke på ministermøtet i Bologna-prosessen i Bergen i 2005. Ministrane blei då samde om at kortare gradar ikkje skal definerast som eit eige kvalifikasjonsnivå i europeisk høgare utdanning, men at landa kan ha

kvalifikasjonar på delnivå, "intermediate qualifications", innanfor kvart av dei tre hovudnivåa (bachelor, master, ph.d.). Kvalifikasjonsrammeverka kan difor innehalde utdanningar som høyrer til eit nivå utan å representere ei fullføring av nivået, ein "intermediate qualification". Høgskulekandidatgraden er eit døme på eit slikt delnivå i norsk høgare utdanning; utdanninga er på bachelor-nivå, men representerer ikkje fullføring av nivået. Difor er høgskulekandidatgraden eit delnivå innanfor bachelor-nivået (første syklus) i kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning, og ikkje eit eige nivå. For høgare utdanning har departementet vedteke å halde seg til dei tre hovudnivåa bachelor (første syklus), master (andre syklus) og ph.d. (tredje syklus).

5 Nivåskildringane

5.1 Skildring av nivåa i NKR i form av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse

Nivåskildringane i dette kapittelet er, i tråd med internasjonale tilrådingar og erfaringar inndelte i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. EQF brukar omgrepet "kompetanse". Dette er eit omgrep som blir forstått ulikt frå land til land, og fleire land har difor valt sine egne omgrep. Til dømes brukar England nemninga "sjølvstende og ansvar" om dette elementet. Sverige peikar på at "kompetanse" ikkje tyder det same i Sverige som internasjonalt. Heller ikkje i Noreg vil ordet "kompetanse" åleine dekkje det ein ønskjer å uttrykkje med denne læringsutbytteskildringa. I arbeidet med å utvikle det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning valde ein å bruke "generell kompetanse" som overskrift for denne kategorien i læringsutbytteskildringane. Generell kompetanse var mest dekkjande for den typen tverrgående kompetansar som kategorien skal skildre. I arbeidet med læringsutbytteskildringar for grunnskuleopplæringa blei dette kalla uttrykk for meistring på generelt overordna nivå, og omfattar både kunnskap og ferdigheiter. Sidan omgrepet generell kompetanse allereie er innarbeidd og tykkjest vere meningsfullt òg for andre opplærings- og utdanningsnivå, er omgrepet brukt gjennom heile det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

Dei læringsutbytteskildringane som blir brukte, kan oppsummerast slik:

Kunnskap: Kunnskap er forståing av teoriar, fakta, omgrep, prinsipp og prosedyrar innanfor fag, fagområde og/eller yrke.

Ferdigheiter: Evne til å bruke kunnskap for å løyse problem og oppgåver. Det finst ulike typar ferdigheiter: kognitive, praktiske, kreative og kommunikative.

Generell kompetanse: Generell kompetanse er å kunne bruke kunnskap og ferdigheiter på sjølvstendig vis i ulike situasjonar i utdannings- og yrkessamanheng ved å vise samarbeidsevne, ansvarskjensle, evne til refleksjon og kritisk tenking.

5.2 Progresjon i NKR

Dei ulike nivåa skal representere ein progresjon, sjølv om ikkje alle nivåa vil krevje at det førre nivået er nådd. Progresjonen skal skildre ein stigande grad av kompleksitet. Dette gjeld for sjølve kunnskapen, ferdigheita, situasjonen dei skal brukast i, og forventningar til sjølvstende, analyse, vurdering og nyskaping hos den som brukar kunnskapen og ferdigheitene. Denne systematikken kan synleggjerast ved hjelp av spørsmåla i tabellen under (tilpassa frå den danske kvalifikasjonsramma for livslang læring, Undervisningsministeriet 2009):

Verktøy for nivåskildringar

Kunnskap:	Ferdigheiter:	Generell kompetanse:
<p>Typar og kompleksitet:</p> <p>Er det snakk om kunnskap om teori eller praksis? Er det snakk om kunnskap innanfor eit fag, eit fagområde eller eit yrke? Kor kompleks eller omfattande er kunnskapen?</p>	<p>Typar:</p> <p>Er det snakk om kognitive, praktiske, kreative eller kommunikasjonsmessige ferdigheiter?</p>	<p>Endringsutfordringar:</p> <p>I kva slags arbeids- eller utdanningssamanhengar kan kunnskapen og ferdigheita brukast? I kva grad kan ein handtere endringar og uventa situasjonar?</p>
<p>Forståing:</p> <p>I kor stor grad kan ein setje kunnskapen inn i ein samanheng?</p>	<p>Oppgåveløysing:</p> <p>Kor komplekse er oppgåvene som kan løysast på nivået, til dømes med tanke på å vurdere og bruke kunnskap?</p>	<p>Samarbeid og ansvar:</p> <p>I kva grad kan ein ta ansvar for sitt eige og andre sitt arbeid? Kor komplekse samarbeidssituasjonar kan ein delta i?</p>
	<p>Kommunikasjon:</p> <p>Kva for målgrupper kan ein kommunisere med, med kva kompleksitet og med kva for verkemiddel?</p>	<p>Læring:</p> <p>I kor stor grad kan ein ta ansvar for si eiga læring og vidare kompetanseutvikling?</p>

Progresjonen i NKR skal lesast både horisontalt og vertikalt. Vertikal progresjon er å forstå som progresjon mellom nivåa innanfor kvar av kategoriane kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Døme på progresjon frå læringsutbytteskildringa på nivå 2 under kunnskap: "har kunnskap om ulike utdanningsval og yrke", til nivå 3: "har kunnskap om eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid" osv. Horisontal progresjon er til dømes når noko som er skildra som kunnskap eller ferdigheit på eitt nivå vil kunne vere så internalisert på eit anna nivå at det blir skildra som generell kompetanse. Eit døme på horisontal lesing av progresjon er denne læringsutbytteskildringa på nivå 7 under ferdigheit: "kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer". Denne ferdigheita kan utviklast til ein generell kompetanse på nivå 8, skildra slik: "kan styre komplekse tverrfaglege arbeidsoppgåver og prosjekt". Eit anna døme på ei horisontal lesing av progresjon i NKR finst under kunnskap på nivå 2 i NKR og under ferdigheiter på nivå 4. Under kunnskap på nivå 2 står det at kandidaten har "grunnleggjande kunnskap om bruk av kjelder og om korleis informasjon blir innhenta, dokumentert, vurdert og brukt". Denne kunnskapen blir vidareutvikla til ei ferdigheit på nivå 4. Her kan kandidaten "analysere og vurdere ulike typar kjelder med relevans for eige arbeid"/"analysere og vurdere ulike typar kjelder".

5.3 Tabelloppstilling av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR)

Nivå/Typisk utdanning	KUNNSKAP Forståing av teoriar, fakta, prinsipp og prosedyrar innanfor fagområde og/eller yrke	FERDIGHEITER Evne til å bruke kunnskap til å løyse problem eller oppgåver (kognitive, praktiske, kreative og kommunikative ferdigheiter)	GENERELL KOMPETANSE Evne til å bruke kunnskap og ferdigheiter på ein sjølvstendig måte i ulike situasjonar
(Nivå 1: Ope) Ingen kvalifikasjonar er knytte til dette nivået, og det er ikkje ein del av NKR.	Ingen læringsutbytteskildringar	Ingen læringsutbytteskildringar	Ingen læringsutbytteskildringar
Nivå 2: Grunnskulekompetanse	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har grunnleggjande kunnskap om sentrale fakta og omgrep i og på tvers av fag • har kunnskap om grunnleggjande politiske, sosiale, kulturelle og miljømessige tilhøve • har grunnleggjande kunnskap om bruk av kjelder og om korleis informasjon blir innhenta, dokumentert, vurdert og brukt • har grunnleggjande kunnskap om det å lære å lære • har kunnskap om ulike utdanningsval og yrke 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg, lese, rekne og bruke digitale verktøy i faglege samanhengar • kan presentere emne på norsk/samisk og minst eitt framandspråk • kan bruke erfaringar, kreativitet og utforskande arbeidsmåtar for å tileigne seg ny kunnskap • kan bruke praktisk-estetiske arbeidsmåtar på fleire fagområde • kan reflektere over eiga deltaking i ulike medium 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke kunnskapar og erfaringar til å delta i eit demokratisk og inkluderande samfunn • kan samarbeide med andre, både fagleg og sosialt • kan drøfte og vurdere sine egne og andre sine faglege arbeid under rettleiing • kan gjere sjølvstendige val, grunnkje dei og handle ut frå dei
Nivå 3:	<i>Kandidaten...</i>	<i>Kandidaten...</i>	<i>Kandidaten...</i>

Grunnkompetanse VGO	<ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om sentrale fakta og omgrep innanfor sitt eige fag/fagfelt • har kunnskap om arbeidsmåtar, prosedyrar og verktøy innanfor eitt eller fleire avgrensa fag/fagfelt • har kjennskap til relevant regelverk og krav til kvalitet • har kunnskap om eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid 	<ul style="list-style-type: none"> • kan kommunisere og uttrykkje seg munnleg og skriftleg innanfor sitt eige fag/fagfelt • kan bruke relevant teknologi for å løyse fagspesifikke oppgåver • kan ta imot og følge instruksjonar og utføre konkrete oppgåver innanfor fagfeltet • kan vise kreativitet i utføringa av oppgåver • kan søkje og bruke informasjon frå ulike kjelder i si eiga utvikling for vidare arbeid og/eller utdanning 	<ul style="list-style-type: none"> • kan samarbeide med andre om å utføre fagleg arbeid og bruke relevante ferdigheiter og kunnskapar • kan ta initiativ til og utføre avgrensa arbeidsoppgåver • kan søkje og ta imot rettleiing i samband med konkrete arbeidsoppgåver og eiga fagleg utvikling
Nivå 4A: Fullført vidaregåande opplæring – Fag- og yrkeskompetanse	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om relevante omgrep, modellar og prinsipp innanfor fagområdet • har kunnskap om og oversikt over materiale, utstyr og arbeidsmetodar og kan grunngje vala sine • har erfaringsbasert kunnskap som trengst for å praktisere innan fagområdet • har innsikt i kva rolle bransjen/yrket spelar i eit samfunns- og verdiskapingsperspektiv 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan systematisere, presentere og rapportere om planlagt og utført arbeid • kan gjere faglege avvegingar og vurdere konsekvensar • kan løyse faglege utfordringar på ein kritisk og kreativ måte, åleine og i samspel med andre • kan bruke relevante omgrep, prinsipp, materiale og utstyr i arbeidet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke eigen fagkompetanse i nye og samansette kontekstar • kan arbeide sjølvstendig og ta ansvar for at arbeidet blir utført på fagleg forsvarleg vis i samsvar med lov- og regelverk og etablert yrkesetikk • kan samarbeide og kommunisere med kollegaer, kundar og/eller brukarar under utføringa av arbeid

	<ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om relevant regelverk, standardar, avtalar og krav til kvalitet • har kunnskap om ulike læringsstrategiar og kan bruke dei i si eiga læring • har forståing for eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid 	<ul style="list-style-type: none"> • kan kommunisere på minst eitt framandspråk • kan vurdere og velje arbeidsmetodar for å løyse fagspesifikke oppgåver • kan vise kreativitet i planlegging og utføring av arbeidet • kan utføre arbeid i tråd med gjeldande regelverk, standardar, avtalar og krav til kvalitet • kan analysere og vurdere ulike typar kjelder med relevans for eige arbeid 	<ul style="list-style-type: none"> • kan rettleie andre i arbeidet • kan dokumentere og vurdere sitt eige og andre sitt arbeid i samband med planlegging, organisering, utføring og resultat • kan reflektere over sin eigen faglege kompetanse som grunnlag for vidare val • kan ta initiativ til arbeidsoppgåver og aktivitetar som fremjar eiga læring og utvikling
<p>Nivå 4B: Fullført vidaregåande opplæring – Generell studiekompetanse</p>	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om sentrale fakta, omgrep, teoriar, prinsipp og metodar innanfor ulike fag • har erfaringsbasert kunnskap som trengst for å praktisere innan ulike fag • har innsikt i samanhengar mellom faglege problemstillingar og tilhøve i samfunnet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg i varierte faglege samanhengar • kan lese, rekne og bruke digitale verktøy og medium til å løyse faglege utfordringar på ein kritisk og kreativ måte, åleine og i samspel med andre • kan bruke fagterminologi i kommunikasjon og samarbeid 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke eigen fagkompetanse i nye og samansette kontekstar • kan planleggje og organisere arbeid, sjølvstendig og i samarbeid med andre • kan bruke faglege kunnskapar og ferdigheiter i felles kunnskapsbygging med andre • kan rettleie andre i avgrensa faglege situasjonar

	<ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om ulike læringsstrategiar og kan bruke dei i si eiga læring • har forståing for eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid 	<ul style="list-style-type: none"> • kan kommunisere på minst to framandspråk • kan bruke relevante metodar, prinsipp og strategiar for å løyse fagspesifikke oppgåver • kan utforske, analysere, utforme og drøfte ulike problemstillingar • kan analysere og vurdere ulike typar kjelder 	<ul style="list-style-type: none"> • kan vurdere kvaliteten av og ta ansvar for resultata av sitt eige og felles arbeid • kan reflektere over sin eigen faglege kompetanse som grunnlag for vidare val
Nivå 5: Fagskule 1	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om omgrep, prosessar og verktøy som blir brukte innanfor eit spesialisert fagområde • har innsikt i relevant regelverk, standardar, avtalar og krav til kvalitet • har bransjekunnskap og kjennskap til yrkesfeltet • kan oppdatere den yrkesfaglege kunnskapen sin • forstår kva rolle bransjen/yrket spelar i eit samfunns- og verdiskapingsperspektiv 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke fagleg kunnskap på praktiske og teoretiske problemstillingar • kan bruke relevante faglege verktøy, materiale, teknikkar og uttrykksformer • kan finne informasjon og fagstoff som er relevant for ei yrkesfagleg problemstilling • kan kartleggje ein situasjon og identifisere faglege problemstillingar og sjå om det er naudsynt å setje i verk tiltak 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har forståing for yrkes- og bransjeetiske prinsipp • har utvikla ei etisk grunnhaldning til utøvinga av yrket • kan utføre arbeidet etter utvalde målgrupper sine behov • kan byggje relasjonar med fagfellar og på tvers av fag, og med eksterne målgrupper • kan utvikle arbeidsmetodar, produkt og/eller tenester som er relevante for yrkesutøvinga

<p>Nivå 5: Fagskule 2</p>	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om omgrep, teoriar, modellar, prosessar og verktøy som blir brukte innanfor eit spesialisert fagområde • kan vurdere sitt eige arbeid opp mot gjeldande normer og krav • kjenner til historia, tradisjonane og eigenarten til bransjen/yrket og kva plass bransjen/yrket har i samfunnet • har innsikt i eigne utviklingsmoglegheiter 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan gjere greie for dei faglege vala sine • kan reflektere over si eiga fagutøving og justere den under rettleiing • kan finne og vise til informasjon og fagstoff og vurdere relevansen for ei yrkesfagleg problemstilling 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan planleggje og gjennomføre yrkesretta arbeidsoppgåver og prosjekt åleine og som deltakar i ei gruppe og i tråd med etiske krav og retningslinjer • kan utveksle synspunkt med andre som har ein bakgrunn innanfor bransjen/yrket og delta i diskusjonar om utvikling av god praksis • kan bidra til organisasjonsutvikling
<p>Nivå 6: (delnivå av bachelor): Høgskulekandidat Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha dette totale læringsutbyttet definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p>	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verktøy og metodar innanfor fagområdet • kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innanfor fagområdet • kan oppdatere kunnskapen sin innanfor fagområdet • kjenner til historia, tradisjonane og eigenarten til fagområdet og kva plass det har i samfunnet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke fagleg kunnskap på praktiske og teoretiske problemstillingar og gjere greie for vala sine • kan reflektere over si eiga fagutøving og justere den under rettleiing • kan finne, vurdere og vise til informasjon og fagstoff og knyte det til ei problemstilling • kan bruke relevante faglege verktøy, teknikkar og uttrykksformer 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om relevante fag- og yrkesetiske problemstillingar • kan planleggje og gjennomføre arbeidsoppgåver og prosjekt åleine og som deltakar i ei gruppe og i tråd med etiske krav og retningslinjer • kan presentere sentralt fagstoff som teoriar,

			<p>problemstillingar og løysingar både skriftleg, munnleg og gjennom andre relevante uttrykksformer</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan utveksle synspunkt med andre som har ein bakgrunn innanfor fagområdet og delta i diskusjonar om utvikling av god praksis • kjenner til nytenking og innovasjonsprosessar
<p>Nivå 6: Bachelor (1. syklus)</p> <p>Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha dette totale læringsutbyttet definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p>	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har brei kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verktøy og metodar innanfor fagområdet • kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innanfor fagområdet • kan oppdatere kunnskapen sin innanfor fagområdet • har kunnskap om historia, tradisjonane og eigenarten til fagområdet og kva plass det har i samfunnet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke fagleg kunnskap og relevante resultat frå forskings- og utviklingsarbeid på praktiske og teoretiske problemstillingar og gjere grunnjevne val • kan reflektere over si eiga fagutøving og justere den under rettleiing • kan finne, vurdere og vise til informasjon og fagstoff og framstille det slik at det kastar lys over ei problemstilling 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har innsikt i relevante fag- og yrkesetiske problemstillingar • kan planleggje og gjennomføre varierte arbeidsoppgåver og prosjekt som strekkjer seg over tid, åleine og som deltakar i ei gruppe, og i tråd med etiske krav og retningslinjer • kan formidle sentralt fagstoff som teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftleg, munnleg og gjennom andre relevante uttrykksformer

		<ul style="list-style-type: none"> • kan meistre relevante faglege verktøy, teknikkar og uttrykksformer 	<ul style="list-style-type: none"> • kan utveksle synspunkt og erfaringar med andre som har ein bakgrunn innanfor fagområdet og såleis bidra til å utvikle god praksis • kjenner til nytenking og innovasjonsprosessar
<p>Nivå 7: Master (2. syklus)</p> <p>Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha dette totale læringsutbyttet definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p>	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • har avansert kunnskap innanfor fagområdet og spesialisert innsikt i eit avgrensa område • har inngåande kunnskap om vitenskaplege eller kunstfaglege teoriar og metodar innanfor fagområdet • kan bruke kunnskap på nye område innanfor fagområdet • kan analysere faglege problemstillingar med utgangspunkt i historia, tradisjonane og eigenarten til fagområdet og kva plass fagområdet har i samfunnet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere og vere kritisk til ulike informasjonskjelder og bruke dei til å strukturere og formulere faglege resonnement • kan analysere eksisterande teoriar, metodar og tolkingar innanfor fagområdet og arbeide sjølvstendig med praktisk og teoretisk problemløysing • kan bruke relevante metodar i forskning og fagleg og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid på ein sjølvstendig måte 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere relevante fag-, yrkes- og forskingsetiske problemstillingar • kan bruke kunnskapane og ferdigheitene sine på nye område for å gjennomføre avanserte arbeidsoppgåver og prosjekt • kan formidle omfattande sjølvstendig arbeid og meistrar fagområdet sine uttrykksformer • kan kommunisere med både spesialistar og folk flest om faglege problemstillingar, analysar og konklusjonar innanfor fagområdet

		<ul style="list-style-type: none"> • kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer 	<ul style="list-style-type: none"> • kan bidra til nytenking og i innovasjonsprosessar
<p>Nivå 8: Ph.d. (3. syklus)</p> <p>Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha dette totale læringsutbyttet definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:</p>	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • er i kunnskapsfronten innanfor fagområdet sitt og meistrar vitskapsteorien og/eller dei kunstnarlege problemstillingane og metodane innanfor fagområdet • kan vurdere kor føremålstenlege ulike metodar og prosessar er og korleis dei blir brukte i forskning og faglege og/eller kunstnarlege utviklingsprosjekt • kan bidra til utviklinga av ny kunnskap og nye teoriar, metodar, tolkingar og dokumentasjonsformer innanfor fagområdet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan formulere problemstillingar for, planleggje og gjennomføre forskning og fagleg og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid • kan drive forskning og fagleg og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå • kan handtere komplekse faglege spørsmål og utfordre etablert kunnskap og praksis på fagområdet 	<p><i>Kandidaten...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • kan identifisere nye relevante etiske problemstillingar og utøve forskinga si med fagleg integritet • kan styre komplekse tverrfaglege arbeidsoppgåver og prosjekt • kan formidle forskings- og utviklingsarbeid gjennom velakta nasjonale og internasjonale kanalar • kan delta i debattar innanfor fagområdet i internasjonale forum • kan vurdere behovet for, ta initiativ til og drive innovasjon

Vedlegg 5 viser ei matrise der læringsutbytteskildringane er ordna tematisk ved sida av kvarandre etter stigande nivå. Denne matrisa gjer det lettare å samanlikne progresjonen i skildringane frå nivå til nivå.

6 Innplassering av kvalifikasjonar

6.1 Innplassering i kvalifikasjonsrammeverket

Eit av måla med kvalifikasjonsrammeverket er at det skal bli mogleg å utstyre alle nye vitnemål, fag- og sveinebrev og kompetansebevis som blir utferda i landet med ei klar tilvising, via det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, til det tilsvarande EQF-nivået. Dette kapittelet drøftar problemstillingar som dette reiser, og viser ved hjelp av døme eit hovudmønster for kva utdanningar som er lagde på kva nivå.

6.2 Innplassering av delkvalifikasjonar i rammeverket

Fleire land har opna for å òg innplassere delar av kvalifikasjonar i rammeverket. I Danmark blir dette kalla supplerande kvalifikasjonar, medan nemninga "Supplemental Awards" blir brukt i Irland. Desse kan kome i tillegg til kvalifikasjonar på nivået, men vil ikkje i seg sjølve gje den kvalifikasjonen som er skildra. Mange supplerande kvalifikasjonar kan vurderast saman, og eventuelt leggjast saman til ein full kvalifikasjon. Ein del andre land finn ikkje grunn for å lage system for dette på det noverande tidspunkt.

Det har vore vurdert om det norske kvalifikasjonsrammeverket òg bør innehalde slike ordningar. Innanfor høgare utdanning gjer studiepoengsystemet det mogleg å leggje saman delkompetansar til fullførte kurs eller gradar. Innføringa av fagskulepoeng i 2013 gjer at systemet for fagskulen svarar heilt til dette. På andre nivå, derimot, må det utviklast betre verktøy for å skildre omfang. Difor er det ikkje gjort framlegg om å innarbeide eit slikt system i NKR på det noverande tidspunkt. For vidaregåande opplæring vil nivå 3 grunnkompetanse vere ein del av ein heil kvalifikasjon.

Dette spørsmålet bør ein likevel arbeide vidare med. Ein går ut frå at eit system som innarbeider delkompetansar i rammeverket vil vere interessant for mange med påbyrja kvalifikasjonar. Dette vil mellom anna kunne gjelde vaksne innvandrarak som får lovbestemt opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Det vil kunne synleggjere både om dei har kvalifikasjonar utover det oppnådde nivået, og kva dei eventuelt manglar for å oppnå ein høgare kvalifikasjon.

6.3 Innplassering av nye kvalifikasjonar/kompetansar som ikkje er ein del av det offentlege utdanningssystemet i dag

Berre offentleg godkjende utdanningar er innplasserte i det norske kvalifikasjonsrammeverket ved fastsetjinga. Retten til å få ført på EQF-nivå på vitnemålet gjeld difor berre for desse utdanningane. Kompetanse som blir oppnådd på ikkje-formelle og uformelle læringsarenaer, til dømes via kurs i studieforbund, fjernundervisning, bedriftsintern opplæring, og annan kompetanse oppnådd i arbeidslivet, er ikkje direkte inkludert i rammeverket. Denne typen kompetanse må vurderast i høve til formelle læreplanar, studieplanar osv. for å oppnå kvalifikasjonar som er innplasserte i rammeverket.

Kvalifikasjonsrammeverket må etter kvart òg ta stilling til korleis ein skal innplassere kompetanse/opplæringstilbod frå ikkje-formelle tilbydarar. Dette spørsmålet skil seg frå diskusjonen om livslang læring ved at det dreier seg om kvalifikasjonsrammeverket på systemnivå, ikkje individuell verdsetjing. Innplassering av ein kvalifikasjon i rammeverket gjeld strukturerte opplæringstilbod og vil ikkje vere det same som individuell verdsetjing og godkjenning av kompetanse, korkje i høve til anna utdanning eller i høve til regulerte yrke. For einskildpersonar må vegen framleis gå gjennom utdanningssystemet og eventuelt realkompetansevurdering. Innplassering i rammeverket kan fungere som eit signal både til det norske arbeidslivet og, gjennom tilknyttinga til EQF, til andre land sine rammeverk.

Noreg har allereie retningslinjer og prosedyrar for korleis partane i arbeidslivet møter

behovet for nye kvalifikasjonar i fag- og yrkesopplæringa. Dessutan har så vel fagskulane som høgare utdanning insentiv til å etablere nye utdanningstilbod i tilfelle der det oppstår etterspurnad etter ny kompetanse. Dette gjer utdanningssystemet, og såleis òg kvalifikasjonsrammeverket, fleksibelt og ope for nye kompetansebehov.

Eit av hovudføremåla med kvalifikasjonsrammeverket er å styrkje moglegheitene for livslang læring. Det er difor naturleg at mange land som har sett i gang arbeid med rammeverk, har ønskt å finne løysingar som gjer at rammeverket òg kan dekkje kompetanse folk skaffar seg utanfor det offentlege utdanningssystemet.

Departementet nemnde denne saka i oversendingsbrevet då det sende ut det fastsette kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning:

"Dersom det blir fastsatt et nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for hele utdanningssystemet, kan det bli aktuelt å utvikle flere beskrivelser og plassere inn andre kvalifikasjoner enn dem som er hjemlet i universitets- og høyskoleloven. Dette kan for eksempel omfatte grader og yrkesutdanninger som ikke lenger kan tildeles (slik Irland har gjort), ulike spesialiseringer (som for medisinerere og odontologer) og videreutdanninger som ikke fører fram til en grad. Om og eventuelt hvordan og når kvalifikasjonsrammeverket kan utvides, vil avhenge av løysningene som blir valgt for de øvrige delene av utdanningssystemet. Det er nå ikke mulig å anslå tidsperspektivet for slike vurderinger."

Departementet meiner at kvalifikasjonsrammeverket bør opnast for kompetanse som ikkje er ein del av det offentlege utdanningssystemet i dag, og held fram med å greie ut korleis dette kan gjerast. Utvalet som skal greie ut og kome med framlegg om korleis opplæringstilbod utanfor det formelle utdanningssystemet kan innplasserast i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, skal òg greie ut retningslinjer og prosedyrar for slik innplassering. Utgreinga vil bli gjort på bakgrunn av m.a. dei retningslinjene og prosedyrane som i dag gjeld for korleis nye kompetansar skal godkjennast og akkrediterast.

6.4 Hovudmønster for innplassering av utdanningar i kvalifikasjonsrammeverket

Nivå	Kvalifikasjonsbevis
2	Vitnemål frå 10-årig grunnskule
3	Kompetansebevis for grunnkompetanse i vidaregåande opplæring
4	Vitnemål frå vidaregåande opplæring Fagbrev Sveinebrev
5	Vitnemål frå fagskule (blir innplassert i fagskule 1 eller 2)
6	Vitnemål høgskulekandidat Vitnemål lærarutdanning (allmenn- og grunnskulelærarutdanning) Vitnemål bachelorgrad
7	Vitnemål mastergrad Vitnemål master i rettsvitenskap Vitnemål cand.med.vet Vitnemål cand.med. Vitnemål cand.psykol. Vitnemål cand.theol. Vitnemål for ein del engelske mastergradar (Master of Arts, Master of Laws, MBA, osv.)

8	Vitnemål ph.d. Vitnemål dr. philos. Diplom, kunstnarleg utviklingsprogram
----------	---

Dei fleste fagskuleutdanningane blir innplasserte på nivå etter lengda på utdanninga; dei toårige på nivå 5.2 og dei halvårige og eittårige på nivå 5.1. For utdanningane som er halvtanna år lange, vil NOKUT gjere framlegg om særskilde faglege vurderingar av læringsutbyttet med sikte på nivåinnplassering.

6.5 Direkte kopling til EQF og Bologna-rammeverket

Rekommandasjonen om EQF tilrår at landa i løpet av 2012 ser til at alle nye "sertifikat, diplom og Europass-dokument" som blir utferda av dei ansvarlege styresmaktene inneheld ei klar tilvising til det aktuelle EQF-nivået. For Noreg sin del inneber dette at individuelle vitnemål, fag- og sveinebrev og kompetansebevis skal påførast ei slik direkte tilvising. Dette kjem i tillegg til ordningane med "Certificate Supplement", vitnemålstillegg ("Diploma Supplement") og liknande som Noreg allereie har innført.

Arbeidet med dette kan ikkje setjast i gang før det er etablert klare tilvisingar frå det norske kvalifikasjonsrammeverket til EQF. Dette vil krevje mykje administrativt og teknisk utviklingsarbeid. Noreg tek sikte på å følgje opp tilrådinga så snart det praktisk let seg gjere. Tilknyttinga til nivå i Bologna-rammeverket skal synleggjerast ved hjelp av vitnemålstillegget (Diploma Supplement).

7 Kvalitetssikring av NKR

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk blir kvalitetssikra dels ved etableringa, og dels gjennom vedlikehald og vidareutvikling. Prosedyrane må reflektere kvalifikasjonsrammeverkets offisielle karakter fullt ut.

Dei fremste kvalitetssikringsselementa ved etableringa av kvalifikasjonsrammeverket er:

- Det norske kvalifikasjonsrammeverket er utvikla med direkte utgangspunkt i dei utdanningskvalifikasjonane det skal skildre. Prosessen blei gjennomført i nær kontakt med dei kompetente utdanningsstyresmaktene, inkludert styresmakter som er ansvarlege for å kvalitetssikre dei respektive utdanningsnivåa. Samanhengen mellom det overordna rammeverket og læringsutbyttet for dei einskilde utdanningsnivåa er påvisbar og tydeleg. Alle utdanningar som dannar grunnlaget for skildringane har løpande ekstern og intern kvalitetssikring.
- Det er gjort greie for prinsippa som styrer innplasseringa av dei ulike utdanningane. Innplasseringa er godkjend av dei respektive styresmaktene.
- Kvalifikasjonsrammeverket er utvikla i kontakt med interesserte partar og institusjonar og organisasjonar som saka kjem ved, både gjennom den etablerte referansegruppa og høyringar.

Framtidig vedlikehald og vidareutvikling av kvalifikasjonsrammeverket:

Ulike omstende kan påverke NKR: Kvalifikasjonane som er skildra, kan bli endra som følge av endringar i samfunnet, arbeidslivet og utdanningssystemet. Det kan oppstå behov for nye kvalifikasjonar/kvalifikasjonsnivå. Det kan bli naudsynt å innplassere nye utdanningar i det vedtekte kvalifikasjonssystemet eller endre nivåplasseringa til einskildutdanningar.

- Det må vere klart kvar ansvaret for prosessen ligg. Inntil vidare vil Kunnskapsdepartementet ha ansvaret for å ta initiativ og sjå til at prosessane blir kvalitetssikra. Som øvste ansvarlege organ for utdanningssystemet vil Kunnskapsdepartementet ha avgjerdsmakta.
- System for konsultasjon med partane i arbeidslivet og andre grupper som

saka kjem ved skal vidareførast.

- Det bør etablerast eit system for regelbunden uavhengig evaluering av arbeidet. Ei første evaluering kan gjennomførast innan 6 år etter at rammeverket er etablert.
- Ved større endringar, t.d. dersom det trengst nye nivå, bør ein bruke same type prosess som ved etableringa. Ei endring i talet på nivå vil òg utløyse ein ny tilvisingsprosess.
- Ved krav om innplassering av nye kvalifikasjonar vil kvalitetssikringa følgje godkjenningsordningane som gjeld etter utdanningslovgevinga.

8 Bruer til livslang læring og realkompetanse

Både EQF og NKR viser til livslang læring i namna. Eit perspektiv som er viktig òg i arbeidet med å utvikle det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, er å bidra til at all læring gjennom livet blir synleggjort og verdsett, uansett kva arenaer læringa skjer på.

EQF-rekommandasjonen inneheld fleire direkte referansar til livslang læring generelt, og til verdsetjing av ikkje-formell og uformell læring spesielt. I EQF-notatet "Added value of national qualifications frameworks in implementing the EQF" heiter det:

"Dei nye rammeverka er ofte kopla til strategiar for livslang læring, og er i mange tilfelle òg opne for læring som skjer utanfor formell utdanning og opplæring, i arbeid og fritid."

I Noreg inneber omgrepet livslang læring å styrkje samanhengen og overgangen mellom dei ulike delane av utdanningssystemet, og mellom utdanningssystemet og samfunns- og arbeidslivet. Kunnskapsdepartementet arbeider på fleire måtar med korleis ein kan realisere livslang læring for den einskilde og samstundes sikre samfunnet god tilgang på den kompetansen det er bruk for til ei kvar tid. Viktige område i arbeidet med livslang læring er:

- å styrkje grunnleggjande ferdigheiter
- å utvikle gode system for dokumentasjon, vurdering og verdsetjing av realkompetanse
- å styrkje utdannings- og karriererettleinga
- å leggje til rette for eit fleksibelt utdanningssystem
- å leggje til rette for læring i arbeidslivet

Dokumentasjon, vurdering og verdsetjing av realkompetanse er eit av dei viktigaste verkemidla for å leggje tilhøva til rette for livslang læring for vaksne. Retten til realkompetansevurdering er fastsett i opplæringslova, fagskulelova og universitets- og høgskulelova. Realkompetanse skal vurderast i høve til gjeldande læreplanar for grunnskulen, vidaregåande opplæring, utdanningsplanar for fagskuleutdanning og rammeplanar og studieplanar for høgare utdanning.

Føremålet med realkompetansevurdering er å gje vaksne ei moglegheit til å få dokumentert og verdsett kompetansen sin som grunnlag for vidare opplæring eller arbeid. Realkompetanse må ha legitimitet både i utdanningssystemet og i arbeidslivet. Realkompetansen til einskildpersonar i fag kan ikkje innplasserast direkte i NKR, men indirekte vil realkompetansevurdering kunne gje ein kortare veg til fullføring av ei utdanning som er innplassert i NKR.

Omlagginga til læringsutbytteskildringar gjev betre moglegheiter for å vurdere om kompetanse ein har skaffa seg utanfor det ordinære utdanningssystemet er likeverdig. Det finst i dag ingen retningslinjer eller metodar for å dokumentere og vurdere realkompetanse som er felles for dei ulike læringsarenaene. Hausten 2013 utarbeidde Vox, etter å ha samarbeidd med representantar for fagskular og universitet og høgskular, to rettleiarar: ein

for realkompetansevurdering ved opptak til fagskuleutdanningar og ein om fritak for delar av høgare utdanning på grunnlag av realkompetansevurdering. Utdanningssystemet er systematisert og organisert med læreplanar, fag- og studieplanar, vurderings- og dokumentasjonsordningar. Arbeidslivet har sine egne system for å kartleggje og vidareutvikle kompetansen til medarbeidarane. Desse systema er ein del av verksemdene sine interne karriereutviklingsplanar for den einskilde tilsette. Studieforbunda, fjernundervisningsinstitusjonane og folkehøgskulane er pålagde å utferde dokumentasjon for gjennomført opplæring på bakgrunn av kurs og program.

Det er utfordrande å vurdere om kompetanse frå desse sektorane er likeverdig med læringsutbytteskildringane i læreplanar, studieplanar osv. i det formelle utdanningssystemet. Betre verktøy for å skildre og vurdere læringsutbytte på denne måten blir difor eit viktig utviklingsfelt i arbeidet for å oppnå rettvis og likeverdig handsaming ved realkompetansevurdering. Målet må vere å betre dokumentasjonen av slik læring med sikte på verdsetjing av realkompetanse.

Kvalifikasjonsrammeverket er korkje detaljert eller fagspesifikt nok til at det let seg gjere å knyte kompetanse folk skaffar seg i arbeidslivet eller den tredje sektoren direkte til rammeverket. Det er difor ikkje mogleg å etablere ein direkte samanheng mellom individuell realkompetanse og eit generelt kvalifikasjonsrammeverk. Kompetansen til einskildindivid kan derimot knytast direkte opp mot rammeverket gjennom realkompetansevurdering, som vist nedanfor.

Nivå/Typisk utdanning	Livslang læring Realkompetansevurdering
Nivå 2 Grunnskulekompetanse	Læreplanar for fullført 10. trinn i grunnskulen er referanse for vurdering og ev. godkjenning av realkompetanse
Nivå 3 Grunnkompetanse VGO	Læreplanar for fag i vidaregåande opplæring blir brukte som referanse for vurdering og ev. godkjenning av realkompetanse
Nivå 4 Fullført vidaregåande Fag- og yrkeskompetanse/Generell studiekompetanse	Læreplanar for fag i vidaregåande opplæring blir brukte som referanse for vurdering og ev. godkjenning av realkompetanse
Nivå 5 Fagskule	Utdanningsplanar for fagskuleutdanningane blir brukte som referanse for vurdering og skildring av livslang læring og realkompetanse
Nivå 6 Høgskulekandidat (delnivå)/ Grunnskulelærarutdanninga/ Bachelor (1. syklus)	Studieplanar for høgskulekandidat- eller bachelorgradar osv. blir brukte som referanse for vurdering og skildring av livslang læring og realkompetanse
Nivå 7 Master (2. syklus)	Studieplanar for mastergradar osv. blir brukte som referanse for vurdering og skildring av livslang læring og realkompetanse
Nivå 8 Ph.d. (3. syklus)	Studieplanar for ph.d.-gradar osv. blir brukte som referanse for vurdering og skildring av livslang læring og realkompetanse

Kvalifikasjonsrammeverket kan bidra til:

- at læringsutbytteskildringar blir eit gjennomgåande prinsipp for utvikling av læreplanar og fag- og studieplanar, og dannar grunnlaget for verdsetjing av

kompetanse frå det formelle utdanningssystemet, arbeidslivet og frivillig sektor

- at læringsutbytteskildringar i form av kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse skal gje god informasjon om nivåa i kvalifikasjonsrammeverket
- at læringsutbytteskildringar kan leggje grunnlaget for utvikling av betre og meir tilpassa vurderingsformer, metodar og praksis for å dokumentere kompetanse, noko som kan bidra til å gjere vurderinga meir likeverdig og rettviss
- felles omgrepsbruk og språk som gjer det enklare å tolke kva ulike former for kompetanse dekkjer
- å flytte merksemda frå system og prosedyrar til innhald og læringsutbytte

På dette grunnlaget vil departementet prioritere ei vidareutvikling av dei moglegheitene kvalifikasjonsrammeverket opnar for i eit livslangt læringsperspektiv.

9 Rettsleg stilling og konsekvensar

EQF-rekommandasjonen blei innlemma i EØS-avtalen 17. mars 2009. Rekommandasjonen er ei ikkje-bindande rettsakt. Rekommandasjonen oppmodar deltakarlanda om å knyte dei nasjonale kvalifikasjonssystema til EQF og ber om at alle nye kvalifikasjonsbevis, vitnemål og Europass-dokument inneheld ei klar tilvising til EQF, via nasjonale kvalifikasjonssystem.

Implementering av EQF-rekommandasjonen i norsk rett

I og med at EQF-rekommandasjonen blei innlemma i EØS-avtalen, har Noreg vedteke å "søkje å styrkje samarbeidet" innanfor ramma av rekommandasjonen. Dette inneber at vi står nokså fritt når det gjeld å velje kva rettsleg status det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket og tilvisingsrapporten skal ha.

Forskriftsfesting gjev rammeverket ei sterk rettsstilling, og det vil framstå som påreknleg, synleg og tilgjengeleg ved publisering i Lovdata. Forskriftsstatus bidreg til å sikre gode medstyringsprosedyrar ved eventuelle framtidige endringar i rammeverket.

NKR er ei samanhengande og kumulativ framstilling av kvalifikasjonsnivåa i det norske utdanningssystemet. Departementet tek sikte på å lage ei eiga forskrift for det overordna nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. I tillegg er det heimla i alle utdanningslovene (opplæringslova, fagskulelova, universitets- og høgskulelova).

Tilvising frå NKR til EQF – rettslege implikasjonar

Den konkrete koplinga mellom NKR-nivå og EQF-nivå er sentral for forståinga av NKR. Påreknlegheit, synlegheit og tilgjenge er difor like naudsynt her som for det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Dei same omsyna som talar for å forskriftsfeste NKR, talar såleis òg for at desse tilvisingane bør forskriftsfestast.

Lovheimel for å knyte NKR opp mot EQF

Alle vitnemål, fag- og sveinebrev og kompetansebevis utferda av godkjende styresmakter skal vise til NKR/EQF. Dette fører med seg nye plikter. Tilvising til EQF kan formulerast som ei *plikt* for den som utferdar vitnemål. Det er først og fremst dei sentrale styresmaktene som må syte for at forskriftskrava blir følgde. Sjølve heimelen bør utformast slik at han òg dekkjer framtidige heimelsbehov som desse prosessane skaper. Heimelen bør difor vere generelt formulert, til dømes slik at departementet får rett til å fastsetje forskriftsføresegner om utforming av kvalifikasjonsbevis og vitnemål og at nasjonale styresmakter sikrar at der finst heimel for å autorisere all tilvising frå norske kvalifikasjonar til det europeiske rammeverket. Det kan i så fall gjerast ved å utvide det heimelsgrunnlaget som allereie finst i sektorlovgevinga.

Den norske tilvisingsprosessen blir avslutta i 2014. Ei formell fastsetjing vil såleis først vere aktuell seinare i 2014. Det er difor ikkje naudsynt å ta stilling til utarbeidinga av ein eventuell lovheimel før dette. Då veit ein òg meir om kva andre land gjer.

10 Implementering, forvaltingsmessig ansvar, administrative og økonomiske konsekvensar

10.1 Implementering og forvaltingsmessig ansvar

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket blir fastsett som forskrift, og tek til å gjelde så snart som råd. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for den nasjonale koordineringa av det vidare arbeidet.

Nokre land har etablert eigne organ med ansvar for arbeid med kvalifikasjonssystem. Dette er ikkje rekna for å vere aktuelt i Noreg, sidan vi har innarbeidde ansvars- og samarbeidsmonster på utdanningsfeltet. Dei respektive fagstyresmaktene og organa vil ha ansvar kvar på sine felt, og departementet kan koordinere arbeidet. Kor føremålstenleg denne ordninga er kan ein eventuelt vurdere i samband med den varsla evalueringa.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har fått tildelt funksjonen som nasjonalt kontaktpunkt for EQF (NCP). Kontaktpunktet har oppgåva med å informere om NKR og om koplinga til EQF både nasjonalt og internasjonalt. NOKUT samarbeider med relevante nasjonale styresmakter på utdanningsfelt der NOKUT sjølv ikkje har kompetanse. NCP er ansvarleg for den offisielle nettsida om NKR.

Det skal etablerast ein nasjonal database for kvalifikasjonsrammeverket som skal kunne fungere saman med den europeisk portalen som er under etablering. Departementet vil be eit eigna organ om å drifte denne basen og ta seg av kontakten med den europeiske portalen.

10.2 Administrative og økonomiske konsekvensar

NOKUT har fått tilført midlar for å fylle rolla som nasjonalt kontaktpunkt. Ressursbehovet vil bli revurdert når prosjektet kjem over i driftsfasen.

Etablering og drift av ein database kan skje innanfor ramma av departementet sitt pågåande arbeid med å utvikle IKT-løysingar for informasjon om utdanningssystemet. Ein vil nytte moglegheitene for å oppnå synergieffektar med andre EU/EØS-retta informasjonsverktøy.

Det er meininga at det pågåande arbeidet med NKR skal kunne skje innanfor rammene for programområde 07.

Etter kvart reknar ein med at etableringa av NKR, og det at det blir enklare å samanlikne kvalifikasjonar frå ulike land, vil gjere ting enklare og gje innsparingar både for arbeidslivet som brukar kvalifikasjonane og for aktørane innanfor utdanningssystemet.

Vedlegg 1

Kriterium og prosedyrar for tilvising frå nasjonale kvalifikasjonsnivå til EQF

1. Dei ansvarlege offentlege styresmaktene har på tydeleg vis fastsett og kunngjort ansvaret og/eller det juridiske myndet til alle dei nasjonale organa som deltek i relateringsprosessen, inkludert det nasjonale koordineringspunktet.
2. Det er eit tydeleg og påviseleg samband mellom kvalifikasjonsnivåa i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket og nivådeskriptorane i det europeiske kvalifikasjonsrammeverket.
3. Det nasjonale rammeverket eller kvalifiseringssystemet og kvalifikasjonane i systemet er baserte på læringsutbytte [som prinsipp og mål], og er knytte til ordningar for verdsetjing av ikkje-formell og uformell kompetanse og eventuelle system for utdanningspoeng.
4. Prosedyrane for å inkludere kvalifikasjonar i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket eller skildre korleis kvalifikasjonar er plasserte i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket er klare og tydelege.
5. Det nasjonale kvalitetssikringssystemet / dei nasjonale kvalitetssikringssystema for utdanning og opplæring viser til det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket eller systemet og svarar til dei relevante europeiske prinsippa og retningslinjene (slik det går fram av vedlegg 3 til tilrådinga).
6. Tilvisingsprosessen skal innebere uttrykkjeleg semje frå dei aktuelle kvalitetssikringsorgana.
7. Tilvisingsprosessen skal involvere internasjonale ekspertar.
8. Det ansvarlege nasjonale organet / dei ansvarlege nasjonale organa skal stadfeste samanhengane mellom det nasjonale rammeverket eller systemet og EQF. Dei ansvarlege nasjonale organa, inkludert det nasjonale koordineringspunktet, skal offentleggjere ein heilskapleg rapport som skildrar desse samanhengane og underlagsmaterialet/dokumentasjonen. Kriteria skal behandlast kvar for seg.
9. Den offisielle EQF-plattformen skal føre ei offentleg liste over medlemsstatar som har stadfesta at dei har fullført tilvisingsprosessen, med lenkjer til dei ferdige tilvisingsrapportane.
10. Tilvisingsprosessen skal følgjast opp, i tråd med tidsplanen fastsett i EQF-rekommandasjonen, med at alle nye kvalifikasjonsbevis, diplom og Europass-dokument utferda av dei ansvarlege styresmaktene skal innehalde ein klar referanse via dei nasjonale kvalifikasjonssystema til det aktuelle EQF-nivået.

Kriterium for sjølvsertifisering av kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning etter Bologna-rammeverket

- The national framework for higher education qualifications and the body or bodies responsible for its development are designated by the national ministry with responsibility for higher education
- There is a clear and demonstrable link between the qualifications in the national framework and the cycle qualification descriptors of the European framework
- The national framework and its qualifications are demonstrably based on learning outcomes and the qualifications are linked to ECTS or ECTS compatible credits
- The procedures for inclusion of qualifications in the national framework are transparent
- The national quality assurance system for higher education refer to the national framework of qualifications and are consistent with the Berlin Communiqué and any subsequent communiqué agreed by ministers in the Bologna Process
- The national framework, and any alignment with the European framework, is referenced in all Diploma Supplements
- The responsibilities of the domestic parties to the national framework are clearly determined and published.

(Kjelde: General report of the Bologna Follow-Up Group to Bergen Ministerial Conference, 2005)

Vedlegg 2

Omgrep/terminologi

Nedanfor er det lista opp ein del termar som gjeld kvalifikasjonsrammeverk og livslang læring, med forklaringar av korleis termane og omgrepa blir brukte og forståtte i dette dokumentet. I tillegg er dei engelske definisjonane av omgrepa tekne med.

Dokumentet er delt inn slik at dei mest sentrale omgrepa står i tabell 1, og er sortert slik at omgrep som heng saman blir forklarte saman. Tabell 2 inneheld ei litt meir omfattande ordliste og er sortert alfabetisk.

TABELL 1

TERM	SKILDRING	ENGELSK DEFINISJON
Kvalifikasjonsrammeverk ⁴	<p>Eit kvalifikasjonsrammeverk er ei samla, systematisk og nivådelt skildring av formelle kvalifikasjonar som kan oppnåast innanfor eit utdanningssystem.</p> <p>Rammeverket er ei systematisk skildring av nivå og oppnådd kompetanse for universitets- og høgskulegradar, fag- og yrkeskompetanse, generell studiekompetanse, grunnskulekompetanse og fagskulekompetanse.</p> <p>Nasjonale kvalifikasjonsrammeverk er baserte på nasjonen sitt utdanningssystem, og viser nivå og progresjon og samanheng med arbeidsliv og samfunnsliv.</p>	<p>National qualifications framework means an instrument for the classification of qualifications according to a set of criteria for specified levels of learning achieved, which aims to integrate and coordinate national qualifications subsystems and improve the transparency, access, progression and quality of qualifications in relation to the labour market and civil society</p>
Delrammeverk	<p>Omgrepet delrammeverk blir brukt om rammeverket i dei ulike delane av sektoren (grunnskulen, den vidaregåande skulen, fagskular, høgare utdanning).</p>	
Kvalifikasjon	<p>Ein kvalifikasjon er eit formelt læringsutbytte på eit visst nivå som er godkjent av ein instans og kan dokumenterast. I Noreg blir ein</p>	<p>a “qualification” means a formal outcome of an assessment and validation process which is obtained when a competent body</p>

⁴ Utdanningssystemet og systemet sine formelle kvalitets- og godkjenningssystemer blir kalla eit kvalifikasjonssystem. Kvalifikasjonsrammeverket kan fungere som eitt kjenneteikn på eit kvalifikasjonssystem.

	kvalifikasjon vanlegvis kalla formell kompetanse.	determines that an individual has achieved learning outcomes to given standards.
Livslang læring	Læring gjennom livsløpet som aukar kunnskap, ferdigheiter, kompetanse og/eller kvalifikasjonar.	A learning activity undertaken throughout life, which results in improving knowledge, know-how, skills, competences and/or qualifications for personal, social and/or professional reasons.
Realkompetanse	All kompetanse ein person har oppnådd gjennom formell, ikkje-formell eller uformell læring.	
Realkompetanse-vurdering	Vurdering av realkompetanse for opptak til studium eller avkorting av studium, gjort av ein offentleg godkjend instans. Kommunen, fylkeskommunen eller universitet/høgskular er ansvarlege for at kompetanse, vurdering og godkjenning blir forsvarleg dokumentert. Realkompetansevurdering er relevant som verktøy for livslang læring. Ikkje-formell kompetanse og uformell kompetanse kan formaliserast gjennom realkompetansevurdering.	
a) ikkje-formell kompetanse	Ikkje-formell kompetanse kjem frå <i>organisert</i> læring på ikkje-formelle læringsarenaer (frivillig sektor, læring på arbeidsplassen, private kurstilbydarar osv.). Slike opplæringstilbod er ikkje bundne av offentlege fag- og læreplanar, men blir ofte dokumenterte med eit kursbevis.	a) non-formal learning: learning which is embedded in planning activities not explicitly designated as learning (in terms of learning objectives, learning time or learning support). Non-formal learning is intentional from the learner's point of view.
b) uformell kompetanse	Uformell kompetanse kjem frå <i>ikkje-organisert</i> læring utanfor det formelle systemet. Læringsaktiviteten kan skildrast som kvardagslæring frå dei ulike situasjonane ein person deltek i gjennom heim, skule,	b) informal learning: learning resulting from daily activities related to work, family or leisure. It is not organized or structured in terms of objectives, time or learning support.

	arbeidsliv og samfunnsdeltaking. Kompetansen kan dokumenterast gjennom individuell utfylling av eit kompetansekartleggingsdokument.	Informal learning is in most cases unintentional from the learner's perspective.
Læringsutbytte	Det ein person <i>veit, kan og er i stand til å gjere</i> som resultat av ein læringsprosess. Læringsutbytte blir skildra i kategoriane <i>kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse</i> . Nivået på læringsutbyttet kjem an på kor kompleks kunnskapen, ferdigheita og den generelle kompetansen er.	“Learning outcomes” means statements of what a learner knows, understands and is able to do on completion of a learning process, which are defined in terms of knowledge, skills and competence.
a) Kunnskapar	Kunnskap er forståing av teoriar, fakta, omgrep, prinsipp og prosedyrar innanfor fag, fagområde og/eller yrke.	Knowledge is the body of facts, principles, theories and practices that is related to a field of work or study.
b) Ferdigheiter	Evne til å bruke kunnskap for å løyse problem og oppgåver. Det finst ulike typar ferdigheiter – kognitive, praktiske, kreative og kommunikative.	“Skills” means the ability to apply knowledge and use know-how to complete tasks and solve problems.
c) Generell kompetanse	Generell kompetanse er å kunne bruke kunnskap og ferdigheiter på sjølvstendig vis i ulike situasjonar ved å vise samarbeidsevne, ansvarskjensle, evne til refleksjon og kritisk tenking i utdannings- og yrkessamanheng.	“Competence” means the proven ability to use knowledge, skills and personal, social and/ or methodological abilities, in work or study situations and in professional and personal development.
Tilvisingar til kvalifikasjonsnivå	Kopling mellom kvalifikasjonsnivå i det nasjonale og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF).	Referencing levels of qualifications within national qualifications systems to the EQF levels

TABELL 2

Alfabetisk oversikt over viktige omgrep for rammeverket og nokre tilknytte omgrep

ECTS (European credit transfer and accumulation system) Eit poengsystem som blei skapt som eit omsetjarverktøy for å skildre studiebelastning og læringsutbytte for kurs og emne i høgare utdanning.

ECVET (European credit system for vocational education and training) Eit poengsystem som viser til læringsutbytte i fag- og yrkesopplæringa.

Emne Den minste eininga som blir godkjend og høyrer til i eit studieprogram eller ei fagskuleutdanning. Omfanget til emna blir målt i studiepoeng eller fagskulepoeng.

Emneskildring Ein plan for eit emne: måla for og innhaldet i emnet, venta læringsutbytte, lærings- og vurderingsformer og andre obligatoriske krav.

Europass Europass er ei mappe med 5 ulike dokument som skal vere ei hjelp til å presentere ferdigheiter og kvalifikasjonar på ein enkel og tydeleg måte i Europa.

Formativ vurdering Vurdering undervegs som skal fremje læring.

Ferdigheiter Evne til å bruke kunnskap for å løyse problem og oppgåver. Det finst ulike typar ferdigheiter – kognitive, praktiske, kreative og kommunikative.

Generell kompetanse Generell kompetanse er å kunne bruke kunnskap og ferdigheiter på sjølvstendig vis i ulike situasjonar. Kompetanse er òg å vise samarbeidsevne, ansvarskjenne, evne til refleksjon og kritisk tenking i utdannings- og yrkessamanheng.

Ikkje-formell kompetanse Resultatet av *organisert* læring på ikkje-formelle læringsarenaer. Slike opplæringstilbod er ikkje bundne av offentlege fag- og læreplanar, men blir ofte dokumenterte med eit kursbevis.

Kunnskap Kunnskap er forståing av teoriar, fakta, omgrep, prinsipp og prosedyrar innanfor fag, fagområde og/eller yrke.

Kvalifikasjon Ein kvalifikasjon er eit formelt læringsutbytte som er vurdert av ei godkjend styresmakt og som kan dokumenterast.

Livslang læring Læring gjennom livsløpet som aukar kunnskap, ferdigheiter, kompetanse og eventuelt kvalifikasjonar.

Livsvit læring Ei sekkenemning som dekkjer tileigning av formell, ikkje-formell og uformell kompetanse; læring som skjer på alle arenaer i livet. Livsvit læring er ein dimensjon av livslang læring.

Læreplan Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskolen og vidaregåande opplæring – grunnopplæringa – dannar grunnlaget og ramma for opplæring i skular og bedrifter. Læreplanverket består av ein generell del, prinsipp for opplæringa, læreplanar for fag, og fag- og timefordelinga for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Læreplanverket er ei forskrift med heimel i opplæringslova og er bindande for grunnopplæringa.

Læringsutbytte Det ein person *veit, kan og er i stand til å gjere* som resultat av ein læringsprosess. Læringsutbytte blir skildra i kategoriane *kunnskap, ferdigheiter og kompetanse*. Nivået på læringsutbyttet kjem an på kor kompleks kunnskapen, ferdigheita og den generelle kompetansen er.

Realkompetansevurdering Vurdering av realkompetanse for opptak til studium eller avkorting av studium, gjort av ein offentleg godkjend instans. Fylkeskommunen, fagskular eller universitet/høgskular er ansvarlege for at kompetanse, vurdering og godkjenning blir forsvarleg dokumentert. Realkompetansevurdering er relevant som verktøy for livslang læring. Ikkje-formell kompetanse og uformell kompetanse kan formaliserast gjennom realkompetansevurdering.

Studieplan/Fagplan/Rammeplan Ein heilskapleg plan for eit studium innanfor høgare utdanning: måla for og innhaldet i studiet, venta læringsutbytte, korleis studiet er bygd opp, lærings- og vurderingsformer og andre obligatoriske krav.

Studiepoeng (sjå òg ECTS) Ei måleining for normert studietid, arbeidsbelastning og omfang i høgare utdanning.

Døme:

- Høgskulekandidatgrad, 120 studiepoeng
- Bachelorgrad, 180 studiepoeng
- Bachelorgrad, 240 studiepoeng (utøvande og skapande musikkutdanning)
- Mastergrad, 60/90/120 studiepoeng
- Mastergrad, 300 studiepoeng
- Ph.d.-grad, 3 år

Summativ vurdering Vurdering ved avslutta utdanning som skal gje informasjon om den samla kompetansen ein elev har i eit fag.

Tilvisingar til kvalifikasjonsnivå Kopling mellom kvalifikasjonsnivå i det nasjonale og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF).

Uformell kompetanse Resultatet av *ikkje-organisert* læring på læringsarenaer utanfor det formelle systemet. Slik kompetanse kan dokumenterast gjennom individuell utfylling av eit kompetansekartleggingsdokument.

Vurdering og eksamen *For høgare utdanning:* Vurdering av om og i kva grad ein student har oppnådd dei læringsresultata som er sette opp som mål for emnet eller studieprogrammet. *For grunnopplæringa:* Vurderinga skal gje uttrykk for *i kva grad* ein kandidat har nådd dei kompetansemåla (venta læringsutbytte) som er fastsette i læreplanen. Vurdering er standardbasert, altså relatert til kompetansemål. Dette inneber at vurderinga skal vise kva evne kandidaten har til å bruke kunnskapane han/ho har tileigna seg og/eller dei utøvande eller skapande evnene sine. Kandidaten sine prestasjonar blir vurderte med karakterar. Karakterar er eit uttrykk for kvaliteten på ein prestasjon i høve til det venta læringsutbyttet, jf. kompetansemåla i læreplanane.

Vedlegg 3

European Qualifications Framework for Lifelong Learning – level descriptors

Descriptors defining levels in the European Qualifications Framework (EQF)			
Each of the 8 levels is defined by a set of descriptors indicating the learning outcomes relevant to qualifications at that level in any system of qualifications			
Level	Knowledge	Skills	Competence
	In the context of EQF, knowledge is described as theoretical and factual	In the context of EQF, skills are described as cognitive (involving the use of logical, intuitive and creative thinking) and practical (involving manual dexterity and the use of methods, materials, tools and instruments)	In the context of EQF, competence is described in terms of responsibility and autonomy
Level 1	Basic general knowledge	basic skills required to carry out simple tasks	work or study under direct supervision in a structured context
Level 2	Basic factual knowledge of a field of work or study	basic cognitive and practical skills required to use relevant information in order to carry out tasks and to solve routine problems using simple rules and tools	work or study under supervision with some autonomy
Level 3	Knowledge of facts, principles, processes and general concepts, in a field of work or study	a range of cognitive and practical skills required to accomplish tasks and solve problems by selecting and applying basic methods, tools, materials and information	take responsibility for completion of tasks in work or study; adapt own behavior to circumstances in solving problems
Level 4	Factual and theoretical knowledge in broad contexts within a field of work or study	a range of cognitive and practical skills required to generate solutions to specific problems in a field of work or study	exercise self-management within the guidelines of work or study contexts that are usually predictable, but are subject to change; supervise the routine work of others, taking some responsibility for the evaluation and improvement of work or study activities
Level 5 ^[1]	Comprehensive, specialised, factual and theoretical knowledge within a field of work or study and an awareness of the boundaries of that knowledge	a comprehensive range of cognitive and practical skills required to develop creative solutions to abstract problems	exercise management and supervision in contexts of work or study activities where there is unpredictable change; review and develop performance of self and others

Level 6 ^[2]	Advanced knowledge of a field of work or study, involving a critical understanding of theories and principles	advanced skills, demonstrating mastery and innovation, required to solve complex and unpredictable problems in a specialised field of work or study	manage complex technical or professional activities or projects, taking responsibility for decision-making in unpredictable work or study contexts; take responsibility for managing professional development of individuals and groups
Level 7 ^[3]	Highly specialised knowledge, some of which is at the forefront of knowledge in a field of work or study, as the basis for original thinking and/or research Critical awareness of knowledge issues in a field and at the interface between different fields	specialised problem-solving skills required in research and/or innovation in order to develop new knowledge and procedures and to integrate knowledge from different fields	manage and transform work or study contexts that are complex, unpredictable and require new strategic approaches; take responsibility for contributing to professional knowledge and practice and/or for reviewing the strategic performance of teams
Level 8 ^[4]	Knowledge at the most advanced frontier of a field of work or study and at the interface between fields	the most advanced and specialised skills and techniques, including synthesis and evaluation, required to solve critical problems in research and/or innovation and to extend and redefine existing knowledge or professional practice	demonstrate substantial authority, innovation, autonomy, scholarly and professional integrity and sustained commitment to the development of new ideas or processes at the forefront of work or study contexts including research

1. [^](#)The descriptor for the higher education short cycle (within or linked to the first cycle), developed by the Joint Quality Initiative as part of the Bologna process, corresponds to the learning outcomes for EQF level 5.
2. [^](#)The descriptor for the first cycle in the Framework for Qualifications of the European Higher Education Area agreed by the ministers responsible for higher education at their meeting in Bergen in May 2005 in the framework of the Bologna process corresponds to the learning outcomes for EQF level 6.
3. [^](#)The descriptor for the second cycle in the Framework for Qualifications of the European Higher Education Area agreed by the ministers responsible for higher education at their meeting in Bergen in May 2005 in the framework of the Bologna process corresponds to the learning outcomes for EQF level 7.
4. [^](#)The descriptor for the third cycle in the Framework for Qualifications of the European Higher Education Area agreed by the ministers responsible for higher education at their meeting in Bergen in May 2005 in the framework of the Bologna process corresponds to the learning outcomes for EQF level 8.

Vedlegg 4

Bergen-kommunikeet i Bologna-prosessen (2005, avsnitt om kvalifikasjonsrammeverk)

The degree system

We note with satisfaction that the two-cycle degree system is being implemented on a large scale, with more than half of the students being enrolled in it in most countries. However, there are still some obstacles to access between cycles. Furthermore, there is a need for greater dialogue, involving Governments, institutions and social partners, to increase the employability of graduates with bachelor qualifications, including in appropriate posts within the public service.

We adopt the overarching framework for qualifications in the EHEA, comprising three cycles (including, within national contexts, the possibility of intermediate qualifications), generic descriptors for each cycle based on learning outcomes and competences, and credit ranges in the first and second cycles. We commit ourselves to elaborating national frameworks for qualifications compatible with the overarching framework for qualifications in the EHEA by 2010, and to having started work on this by 2007. We ask the Follow-up Group to report on the implementation and further development of the overarching framework.

We underline the importance of ensuring complementarity between the overarching framework for the EHEA and the proposed broader framework for qualifications for lifelong learning encompassing general education as well as vocational education and training as now being developed within the European Union as well as among participating countries. We ask the European Commission fully to consult all parties to the Bologna Process as work progresses.

Vedlegg 5

Oversikt over nivåskildringar, nivå 2-8 i kvalifikasjonsrammeverket

KUNNSKAP

Grunnskule	Grunnkomp.	Fag/Yrkeskomp.	Gen. studiekomp.	Fagskule 1	Fagskule 2	Høgskulekandidat	Bachelor	Master	Ph.d.
<i>Kandidaten...</i> har grunnleggjande kunnskap om sentrale fakta og omgrep i og på tvers av fag	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om sentrale fakta og omgrep innanfor sitt eige fag/fagfelt har kjennskap til relevant regelverk og krav til kvalitet	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om relevante omgrep, modellar og prinsipp innanfor fagområdet har kunnskap om relevant regelverk, standardar, avtalar og krav til kvalitet	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om sentrale fakta, omgrep, teoriar, prinsipp og metodar innanfor ulike fag	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om omgrep, prosessar og verktøy som blir brukte innanfor eit spesialisert fagområde har innsikt i relevant regelverk, standardar, avtalar og krav til kvalitet	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om omgrep, teoriar, modellar, prosessar og verktøy som blir brukte innanfor eit spesialisert fagområde kan vurdere sitt eige arbeid opp mot gjeldande normer og krav	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verktøy og metodar innanfor fagområdet	<i>Kandidaten...</i> har brei kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verktøy og metodar innanfor fagområdet	<i>Kandidaten...</i> har avansert kunnskap innanfor fagområdet og spesialisert innsikt i eit avgrensa område	<i>Kandidaten...</i> er i kunnskapsfronten innanfor fagområdet sitt og meistrar vitskapsteorien og/eller dei kunstnarlege problemstillingane og metodane innanfor fagområdet
	har kunnskap om arbeidsmåtar, prosedyrar og verktøy innanfor eitt eller fleire avgrensa fag/fagfelt	har erfaringsbasert kunnskap som trengst for å praktisere innan fagområdet har kunnskap om og oversikt over materiale, utstyr og arbeidsmetodar og kan grunngje vala sine	har erfaringsbasert kunnskap som trengst for å praktisere innan ulike fag	har bransjekunnskap og kjennskap til yrkesfeltet		kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innanfor fagområdet	kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innanfor fagområdet	har inngående kunnskap om vitskaplege eller kunstfaglege teoriar og metodar innanfor fagområdet	kan vurdere kor føremålstenlege ulike metodar og prosessar er og korleis dei blir brukte i forskning og faglege og/eller kunstnarlege utviklingsprosjekt
har grunnleggjande kunnskap om bruk av kjelder og om korleis informasjon blir innhenta, dokumentert, vurdert og brukt				kan oppdatere den yrkesfaglege kunnskapen sin		kan oppdatere kunnskapen sin innanfor fagområdet	kan oppdatere kunnskapen sin innanfor fagområdet	kan bruke kunnskap på nye område innanfor fagområdet	kan bidra til utviklinga av ny kunnskap og nye teoriar, metodar, tolkingar og dokumentasjonsformer innanfor fagområdet
har kunnskap om grunnleggjande politiske, sosiale, kulturelle og miljømessige tilhøve		har innsikt i faget/yrket si tyding og historiske utvikling i eit samfunnsperspektiv	har innsikt i samanhengar mellom faglege problemstillingar og tilhøve i samfunnet	forstår kva rolle bransjen/yrket spelar i eit samfunns- og verdiskapingsperspektiv	kjenner til historia, tradisjonane og eigenarten til bransjen/yrket og kva plass bransjen/yrket har i samfunnet	kjenner til historia, tradisjonane og eigenarten til fagområdet og kva plass det har i samfunnet	har kunnskap om historia, tradisjonane og eigenarten til fagområdet og kva plass det har i samfunnet	kan analysere faglege problemstillingar med utgangspunkt i historia, tradisjonane og eigenarten til fagområdet og kva plass det har i samfunnet	
har grunnleggjande kunnskap om det å lære å lære		har kunnskap om ulike læringsstrategiar og kan bruke dei i si eiga læring	har kunnskap om ulike læringsstrategiar og kan bruke dei i si eiga læring						
har kunnskap om ulike utdanningsval og yrke	har kunnskap om eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid	har forståing for eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid	har forståing for eigne moglegheiter innan utdanning og arbeid		har innsikt i eigne utviklingsmoglegheiter				

FERDIGHEITER

Grunnskule	Grunnkomp.	Fag/Yrkeskomp.	Gen. studiekomp.	Fagskule 1	Fagskule 2	Høgskulekandidat	Bachelor	Master	Ph.d.
<i>Kandidaten...</i> kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg, lese, rekne og bruke digitale verktøy i faglege samanhengar	<i>Kandidaten...</i> kan kommunisere og uttrykkje seg munnleg og skriftleg innanfor sitt eige fag/fagfelt	<i>Kandidaten...</i> kan systematisere, presentere og rapportere om planlagt og utført arbeid kan gjere faglege avvegingar og vurdere konsekvensar	<i>Kandidaten...</i> kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg i varierte faglege samanhengar kan lese, rekne og bruke digitale verktøy og medium til å løyse faglege utfordringar på ein kritisk og kreativ måte, åleine og i samspel med andre	<i>Kandidaten...</i> kan bruke fagleg kunnskap på praktiske og teoretiske problemstillingar	<i>Kandidaten...</i> kan gjere greie for dei faglege vala sine	<i>Kandidaten...</i> kan bruke fagleg kunnskap på praktiske og teoretiske problemstillingar og gjere greie for dei faglege vala sine	<i>Kandidaten...</i> kan bruke fagleg kunnskap og relevante resultat frå forskings- og utviklingsarbeid på praktiske og teoretiske problemstillingar og gjere grunngeve val	<i>Kandidaten...</i> kan analysere eksisterande teoriar, metodar og tolkingar innanfor fagområdet og arbeide sjølvstendig med praktisk og teoretisk problemløysing	<i>Kandidaten...</i> kan formulere problemstillingar for, planleggje og gjennomføre forskning og fagleg og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid
	kan bruke relevant teknologi for å løyse fagspesifikke oppgåver	kan bruke relevante omgrep, prinsipp, materiale og utstyr i arbeidet kan utføre arbeid i tråd med gjeldande regelverk, standardar, avtalar og krav til kvalitet	kan bruke fagterminologi i kommunikasjon og samarbeid	kan bruke relevante faglege verktøy, materiale, teknikkar og uttrykksformer	kan reflektere over si eiga fagutøving og justere den under rettleiing	kan reflektere over si eiga fagutøving og justere den under rettleiing	kan reflektere over si eiga fagutøving og justere den under rettleiing	kan bruke relevante metodar i forskning og fagleg og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid på ein sjølvstendig måte	kan drive forskning og fagleg og/eller kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
kan presentere emne på norsk/samisk og minst eitt framandspråk		kan kommunisere på minst eitt framandspråk	kan kommunisere på minst to framandspråk	kan finne informasjon og fagstoff som er relevant for ei yrkesfagleg problemstilling	kan finne og vise til informasjon og fagstoff og vurdere relevansen for ei yrkesfagleg problemstilling	kan finne, vurdere og vise til informasjon og fagstoff og knyte det til ei problemstilling	kan finne, vurdere og vise til informasjon og fagstoff og framstille det slik at det kastar lys over ei problemstilling	kan analysere og vere kritisk til ulike informasjonskjelder og bruke dei til å strukturere og formulere faglege resonnement	kan handtere komplekse faglege spørsmål og utfordre etablert kunnskap og praksis på fagområdet
kan bruke erfaringar, kreativitet og utforskande arbeidsmåtar for å tileigne seg ny kunnskap	kan ta imot og følgje instruksjonar og utføre konkrete oppgåver innanfor fagfeltet	kan vurdere og velje arbeidsmetodar for å løyse fagspesifikke oppgåver	kan bruke relevante metodar, prinsipp og strategiar for å løyse fagspesifikke oppgåver	kan kartleggje ein situasjon og identifisere faglege problemstillingar og sjå om det er naudsynt å setje i verk tiltak		kan bruke relevante faglege verktøy, teknikkar og uttrykksformer	kan meistre relevante faglege verktøy, teknikkar og uttrykksformer	kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskingsetiske normer	
kan bruke praktisk-estetiske arbeidsmåtar på fleire fagområde kan reflektere over eiga deltaking i ulike medium	kan vise kreativitet i utføringa av oppgåver	kan løyse faglege utfordringar på ein kritisk og kreativ måte, åleine og i samspel med andre kan vise kreativitet i planlegging og utføring av arbeidet	kan utforske, analysere, utforme og drøfte ulike problemstillingar						
	kan søkje og bruke informasjon frå ulike kjelder i si eiga utvikling for vidare arbeid og/eller utdanning	kan analysere og vurdere ulike typar kjelder med relevans for eige arbeid	kan analysere og vurdere ulike typar kjelder						

GENERELL KOMPETANSE

Grunnskule	Grunnkomp.	Fag/Yrkeskomp.	Gen. studiekomp.	Fagskule 1	Fagskule 2	Høgskulekandidat	Bachelor	Master	Ph.d.
<i>Kandidaten...</i> kan bruke kunnskapar og erfaringar til å delta i eit demokratisk og inkluderande samfunn	<i>Kandidaten...</i>	<i>Kandidaten...</i> kan bruke eigen fagkompetanse i nye og samansette kontekstar	<i>Kandidaten...</i> kan bruke eigen fagkompetanse i nye og samansette kontekstar	<i>Kandidaten...</i>	<i>Kandidaten...</i>	<i>Kandidaten...</i> har kunnskap om relevante fag- og yrkesetiske problemstillingar	<i>Kandidaten...</i> har innsikt i relevante fag- og yrkesetiske problemstillingar	<i>Kandidaten...</i> kan analysere relevante fag-, yrkes- og forskingsetiske problemstillingar	<i>Kandidaten...</i> kan identifisere nye relevante etiske problemstillingar og utøve forskinga si med fagleg integritet
kan samarbeide med andre, både fagleg og sosialt	kan samarbeide med andre om å utføre fagleg arbeid og bruke relevante ferdigheiter og kunnskap	kan arbeide sjølvstendig og ta ansvar for at arbeidet blir utført på fagleg forsvarleg vis i samsvar med lov- og regelverk og etablert yrkesetikk	kan planleggje og organisere arbeid, sjølvstendig og i samarbeid med andre	har forståing for yrkes- og bransjeetiske prinsipp har utvikla ei etisk grunnhaldning til utøvinga av yrket	kan planleggje og gjennomføre yrkesretta arbeidsoppgåver og prosjekt åleine og som deltakar i ei gruppe og i tråd med etiske krav og retningslinjer	kan planleggje og gjennomføre arbeidsoppgåver og prosjekt åleine og som deltakar i ei gruppe og i tråd med etiske krav og retningslinjer	kan planleggje og gjennomføre varierte arbeidsoppgåver og prosjekt som strekkjer seg over tid, åleine og som deltakar i ei gruppe, og i tråd med etiske krav og retningslinjer	kan bruke kunnskapane og ferdigheitene sine på nye område for å gjennomføre avanserte arbeidsoppgåver og prosjekt	kan styre komplekse tverrfaglege arbeidsoppgåver og prosjekt
		kan samarbeide og kommunisere med kollegaer, kundar og/eller brukarar under utføringa av arbeid	kan bruke faglege kunnskapar og ferdigheiter i felles kunnskapsbygging med andre	kan utføre arbeidet etter utvalde målgrupper sine behov kan byggje relasjonar med fagfellar og på tvers av fag, og med eksterne målgrupper		kan presentere sentralt fagstoff som teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftleg, munnleg og gjennom andre relevante uttrykksformer	kan formidle sentralt fagstoff som teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftleg, munnleg og gjennom andre relevante uttrykksformer	kan formidle omfattande sjølvstendig arbeid og meistarar fagområdet sine uttrykksformer	kan formidle forskings- og utviklingsarbeid gjennom velakta nasjonale og internasjonale kanalar
	kan ta initiativ til og utføre avgrensa arbeidsoppgåver	kan rettleie andre i arbeidet	kan rettleie andre i avgrensa faglege situasjonar		kan utveksle synspunkt med andre som har ein bakgrunn innanfor bransjen/yrket og delta i diskusjonar om utvikling av god praksis	kan utveksle synspunkt med andre som har ein bakgrunn innanfor fagområdet og delta i diskusjonar om utvikling av god praksis	kan utveksle synspunkt og erfaringar med andre som har ein bakgrunn innanfor fagområdet og såleis bidra til å utvikle god praksis	kan kommunisere med både spesialistar og folk flest om faglege problemstillingar, analysar og konklusjonar innanfor fagområdet	kan delta i debattar innanfor fagområdet i internasjonale forum
kan drøfte og vurdere sine egne og andre sine faglege arbeid under rettleiing		kan dokumentere og vurdere sitt eige og andre sitt arbeid i samband med planlegging, organisering, utføring og resultat	kan vurdere kvaliteten av og ta ansvar for resultata av sitt eige og felles arbeid	kan utvikle arbeidsmetodar, produkt og/eller tenester som er relevante for yrkesutøvinga	kan bidra til organisasjonsutvikling	kjenner til nytenking og innovasjonsprosessar	kjenner til nytenking og innovasjonsprosessar	kan bidra til nytenking og i innovasjonsprosessar	kan vurdere behovet for, ta initiativ til og drive innovasjon
kan gjere sjølvstendige val, grunnkje dei og handle ut frå dei	kan søkje og ta imot rettleiing i samband med konkrete arbeidsoppgåver og eiga fagleg utvikling	kan reflektere over sin eigen faglege kompetanse som grunnlag for vidare val kan ta initiativ til arbeidsoppgåver og aktivitetar som fremjar eiga læring og utvikling	kan reflektere over sin eigen faglege kompetanse som grunnlag for vidare val						

